



Stryn kommune

2017

## Kommunedelplan for kulturminne



Planstrategi
Samfunnsdel
Handlingsdel/Økonomiplan
Arealdel

Kommunedelplan

# INNHOLD

1.	<b>Stryn i kulturminnelandet</b>	<b>3</b>
2.	<b>Bakgrunn</b>	<b>4</b>
2.1.	Målsetting	4
2.2.	Plantype og avgrensingar	4
2.3.	Organisering og medverknad	4
2.4.	Rammer for planarbeidet	5
2.5.	Definisjonar og omgrep	6
3.	<b>Dagens situasjon for kulturminne og kulturmiljø</b>	<b>7</b>
3.1.	Stryn kommune som lokal kulturminnemynde	7
3.2.	Innbyggjarar, lag og foreiningar	8
4.	<b>Planframlegg</b>	<b>10</b>
4.1.	Metode og grunnjeving	10
4.2.	Mitt kulturminne	10
4.3.	Kategorisering av Mitt kulturminne	62
4.4.	Verdivurdering av Mitt kulturminne	64
4.5.	Automatisk freda kulturminne	70
4.6.	Forskriftsfreda bygg og anlegg	71
4.7.	Vedtaksfreda bygningar og område	72
4.8.	Listeførte kyrkjer	72
4.9.	Sefrak	73
4.10.	Kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel	75
4.11.	Andre viktige kulturminne	79
5.	<b>Handlingsdelen</b>	<b>81</b>
5.1.	Innsatsområde bevaring	81
5.2.	Innsatsområde forvaltning	82
5.3.	Innsatsområde formidling	83
5.4.	Innsatsområde verdiskaping	84
5.5.	Tiltak	85
6.	<b>Verknader av planframlegget</b>	<b>87</b>
6.1.	Miljømessige	87
6.2.	Bruksmessige	87
6.3.	Økonomiske	87
7.	<b>Kjelder</b>	<b>88</b>
8.	<b>Vedlegg</b>	<b>88</b>
8.1.	Fullstendige intervju Mitt kulturminne	88
8.2.	Plankart	88
8.3.	Liste over arkeologiske kulturminne, kirkesteds og vedtaksfreda bebyggelse i kommunen	88

Kulturminne er spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet, herunder lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturminne gjev oss kunnskap om tidlegare tider og dei gjev oss viktige og rike opplevingar både fysisk og mentalt.

Kulturminne er gjerne ressursar ein ikkje kan fornye, og som vi difor må ta vare på, forvalte og formidle på best mogleg måte for komande generasjonar.

## 1. STRYN I KULTURMINNELANDET

Den siste istida tok slutt om lag 9 700 år f.kr. Dei eldste dokumenterte busetjingane i landet vårt går tilbake til 9100 f.kr (eldre Steinalder), for ca 11 000 år sidan. På denne tida var Stryn framleis dekt av is, medan fjordområda i vest var frigjort frå iskappa. Hindringa for ei raskare innvandring til vestlandet frå Vest-Europa var at iskappa framleis gjekk heilt ut i Oslofjordområdet og at det var for langt med båtfart over Norskerenna.

Storparten av buplassane frå steinalderen låg opprinnelag ved sjø, vatn eller elv. Det var i desse områda tilgangen på mat var best. Samstundes som issmeltinga blottla landskapet lenger og lenger mot aust inntok villreinen landet, og vart etter kvart ei av dei viktigaste råstoffkjeldene både for mat og klede. Dermed vart den menneskelege aktiviteten etter kvart også orientert mot fjellet.

I Stryn vil vi kunne finne desse eldste busetjingane ved gammal havstrand meir enn 70 meter høgare enn dagens havnivå, og opptil 20 km vekk frå dagens havstrandlinje. Store deler av det aktivitetsområdet Stryningen nyttar i dag låg fyrst under is, deretter vatn.

Men landhevinga held fram. Som eksempel frå Yngre Jernalder er det funne eit tunanlegg på Hjelle i Oppstryn som viser korleis folk budde her ca år 800 e.kr. Mellom anna må folket her ha stått i tett kontakt med verda ikring. Til dømes er funne ein engelsk mynt frå denne tida på Hjelle. Fram til eit visst tidspunkt i historia var elveutløpet på Hjelle havstrand og befolkninga på Hjelle hadde direkte tilkomst til fjorden. Dette er ein stor kontrast til situasjonen i dag.

Det er likevel kanskje ikkje denne historia om kulturminne som fenger mest interesse i Strynesamfunnet i dag. Nei, langt meir er det den nære forhistoria: ættesoger, bygdesonor, gode forteljingar, gamle stadnamn, utvandringshistoria. Og framfor alt veg. Nye vegar har ganske sikkert vore den ein skildfaktoren som har endra Nordfjord mest, og på kortast tid

Ragnar Standal (Volda 1995) har gjeve ut boka: «Vegar før vegar var». Her er også dei aller eldste vegane omtala, dei vi i dag vil kalle geiteræser. Etter kvart måtte vegen gje nok plass og breidde til hest og hestedeskap. Vi fekk fedriftevegane, som kryssa Langfjella og breplatåa. Eitt eksempel er driftvegen over Kamperhamrane i Sunndalen. Så kom etter kvart den viktige aust-vest forbindelsen Gamle Strynefjellsvegen, som vart bygd med handemakt på slutten av 1800-talet og stod ferdig i 1884. Gamle Strynefjellsvegen har status som Nasjonal turistveg. Dette gav mellom anna grunnlaget for utvikling innan reiselivet i kommunen. 11.oktober 1977 stod den nye Strynefjellsvegen gjennom Breidalen ferdig.

Nord-sør vart den Trondheimske Postveg bygd i 1780-åra. Dette var ei svært viktig transportåre, der ein i liten grad var avhengig av båt. Ei av båtstrekken på vegen gjekk frå Utvik til Faleide. I dag kan vi vel seie at E39 er den vegen som har overteke etter Trondheimske Postveg. Denne vegen har gått utanom Stryn kommune sine grenser, men i 2014 vart det fatta vedtak om at E39 skal gå gjennom Stryn (Utvikfjellet og på bru over til Markane og vidare gjennom Kviven). Dermed er vi i stor grad tilbake til postvegtraseen gjennom Stryn.

Ein annan fellesnemnar for mykje av kulturminna i Stryn er landbruket, som har vore dominerande næring i vår kommune gjennom veldig lang tid. Alle dei marginale busetjingane og spor etter aktivitet som vi har funne rundt i dal- og fjellsidene knyter seg til landbruksaktivitet, og vi har hatt spesielle nisjer. Som eksempel har bøndene i Nordfjord gjennom lengre perioder forsyst handelssenteret Bergen med tønneband. Det lokalt varme klimaet i sørvestlige lisider har gjeve grunnlag for hassel, som var råstoffet for bandproduksjonen.

Men skal Stryningen skrive heile si «slektshistorie», må han altså gå meir enn 11000 år tilbake i tid, og han må grava djupt.

Det er ikkje oppgåva til kulturminneplanen. Men planen du har føre deg er den første heilskaplege planen om kulturminne for vår kommune, og *det største målet for planen er å vekke meir interesse for kulturminne*. I tillegg har den som mål å sikre at det ikkje vert øydelagt kulturminne som kan dokumentere vesentlege deler av vår kultur og vårt sær preg.

## 2. BAKGRUNN

### 2.1. MÅLSETTING

**Stryn kommune har som overordna mål med kommunedelplanen å få opp kunnskapen om, og engasjementet for kulturminne lokalt, samt at dei kulturminna som planen omfattar skal takast vare på fordi dei er ein del av folket si historie.**

**Planen vil også gje eit betre oversyn over kva kulturminne som finns i kommunen, og auke verdien av utviklingsarbeid innan skule, næringsliv og kultursektor.**

### 2.2. PLANTYPE OG AVGRENSINGAR

Kommunedelplanen for kulturminne er ein tematisk kommunedelplan, noko som betyr at planen er utan juridisk binding/heimel når det gjeld disponering av areal. Det er difor viktig at bygningar/anlegg vert fanga opp av kommuneplanen sin areal del og/eller vert sikra gjennom reguleringsplanar. Revisjon av plandokumentet vurderast av kommunestyret i høve kommunen sin planstrategi.

Ein kommunedelplan skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei fire neste åra. Den kan omfatte ulike tiltak, til dømes utvikling/sikring av utvalte minne, sakshandsamingsreglar for planlegging i område med kulturminne, skilting, tilrettelegging, kompetanseheving, formidling- og haldningsskapande aktivitetar, iverksetting av stadsutvikling (turisme, attraktivitet, identitet). Nokre av tiltaka krev økonomiske løyingar, desse må difor vidareførast i kommunen sin økonomiplan for at dei skal gjennomførast.

### 2.3. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Stryn kommune har utarbeidd kulturminneplanen. Arbeidsgruppa har bestått av miljøvernleiar Odd Rønningen (leiar), landbruksjef Ellen Bodil Kirkeeide, plankonsulent Lisbeth Lervik Helset og avdelingsleiar for kultur Myrtel Janne Thomassen. Styringsgruppa har bestått av rådmann Per Kristian Storevik/konst. rådmann Berit Wetlesen, leiar plan- og næring Steinar Nesdal/Geirmund Dvergsdal og skule- og skule- og kultursjef Arne B Berge/Odd Einar Fimreite/Hilde Lødøen.

Stryn historielag har gjennomført store delar av registreringsarbeidet som kulturminneplanen er tufta på. Dette har i hovudsak omfatta intervju av ein del personar i kommunen som har kome med innspel til «Mitt kulturminne».

## 2.4. RAMMER FOR PLANARBEIDET

### NASJONALE FORVENTNINGAR

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2015 handlar om kva regjeringa forventar at statlege mynde, fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i planlegginga.

Her står det at regjeringa forventar at:

- Fylkeskommunene og kommunene identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø, og ivaretak desse i regionale og kommunale planar. Tilgjengeleg kunnskap takast aktivt i bruk og samla verknader synleggjerast og takast omsyn til.

Andre føringar frå regjeringa i høve kulturminnepolitikken står i følgjande dokument:

- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste

Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med eit mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga og har ei satsing på dette fram til 2017. Eit viktig tiltak er å leggje til rette for, og stimulere, kommunane til å utarbeide kulturminneplanar. Dette vil samstundes auke merksemda og kunnskapen om kulturminna.

Riksantikvaren har eit overordna ansvar for den regionale kulturminneforvaltninga og har eit ansvar for gjennomføringa av den statlege kulturminnepolitikken. I planarbeidet har ein nytta Riksantikvaren sine rettleiarar *Kulturminne, kulturmiljø og landskap – Plan- og bygningslova, Kulturminner i kommunen – Kulturminneplan og Kulturminner i kommunen – Handbok for lokal registrering*.

### REGIONALE FØRINGAR

Regional kulturminneforvaltning er Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har også vedteke satsing på lokale kulturminneplanar, dette som ei oppfølging av det nasjonale satsingsområdet «Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga».

Målet med satsinga er å styrke kommunane i deira operative rolle på kulturminnefeltet. Kulturminneplanar vil vere eit verkty for kommunane innan mange fagfelt:

- I forvaltninga innan areal-, plan- og byggjesak vil ein lettare ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming
- Dette vil også vere viktig for eigalarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i ein kulturminneplan er viktig med tanke på stønadsordningar og tilgang på rettleiring i bruk og vedlikehald
- Planen vil også vere eit nyttig verkty i det lokale utviklingsarbeidet. Både skulevesen, næringsliv og kultursektor kan nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevelingar. Utarbeiding av lokale kulturminneplanar vil gje kommunar og innbyggjarar eit betre oversyn over kva som finst av kulturminne i eige lokalmiljø

Fylkeskommunen oppmodar om at dei kulturminna som vert registrerte også skal leggast inn i nettsida kulturminnesøk.no som er ei nasjonal oversikt over kulturminne.

## 2.5. DEFINISJONAR OG OMREP

I det følgjande er det ei enklast mogleg forklaring på ein del omgrep som ofte vert nytta i kulturminneforvaltninga:

<b>Autentisitet</b>	Fortel kor ekte eit kulturminne er eller kor mykje av sitt sær preg det har behalde. Autentisitet må sjåast i høve tidsperioden det kjem frå, stilarten, materialbruken eller byggemåten.
<b>Automatisk freda kulturminne</b>	Kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Det gjeld kulturminne frå før 1537, også kjent som arkeologiske kulturminne eller fornminne, samt samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649, faste og lause kulturminne frå Svalbard frå før 1946.
<b>BARK</b>	Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne og kulturmiljø. Regeringa har som mål at 450 skal vera sikra og tilgjengeleggjort innan 2020. Kommunane kjem med tilråding om kandidatar.
<b>Fast kulturminne</b>	Jord- eller stadfaste kulturminne.
<b>Forskriftsfreda kulturminne</b>	Vedtaksfreda bygningar eller anlegg, i statleg eige på fredingstidspunktet, som er freda ved forskrift.
<b>Vedtaksfreda kulturminne</b>	Dette gjeld kulturminne frå nyare tid. Fredning er den strengaste forma for vern. Fredning inneber at inngrep/endringar må godkjennast av myndighetene. Lovgrunnlag: Kulturminnelova.
<b>Immateriell kulturarv</b>	Tru, tradisjon, segn og hendingar. Det vi ikkje kan ta på.
<b>Konservering</b>	Sikring av kulturminne for å unngå øydeleggingar.
<b>Kulturlandskap</b>	Alt landskap som er påverka av menneske.
<b>Kulturmiljø</b>	Eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap (døme: setergrend, fiskevær osb).
<b>Kulturminne</b>	Alle spor etter menneske sitt liv og virke i det fysiske miljøet.
<b>Laust kulturminne</b>	Kulturminne som er flyttbare.
<b>Meldepliktige tiltak</b>	I tråd med kulturminnelova §25 må det gjerast ei vurdering av verneverdien for bygningar eldre enn 1850, før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent.
<b>Nyare tids kulturminne</b>	Kulturminne som er datert til 1537 eller seinare. Ei anna nemning som òg kan brukast, er etterreformatorisk kulturminne.
<b>Representativitet</b>	At eit kulturminne er representativt betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne.
<b>SEFRAK</b>	Sekretariatet for registrering av faste kulturminne.
<b>SEFRAK-bygning</b>	Bygningar bygd før 1900.
<b>Vedtaksfreda kulturminne</b>	Kulturminne som vert freda gjennom eit vedtak etter kulturminnelova.
<b>Verneverdig kulturminne</b>	Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvarandre.

### **3. DAGENS SITUASJON FOR KULTURMINNE OG KULTURMILJØ**

#### **3.1. STRYN KOMMUNE SOM LOKAL KULTURMINNEMYNDE**

Kulturminnelova og Plan- og bygningslova er dei sentrale lovane i kulturminnevernet.

Plan- og bygningslova er det viktigaste verktøyet for å kunne ta vare på mangfaldet av kulturminne, kulturmiljø og landskap. Som planmynde har difor kommunen ei sentral rolle i kulturminneforvaltninga.

Vi må vedgå at bevaring av kulturminne ikkje har stått høgt på agendaen i vår kommune, sjølv om lag- og organisasjonar og einskildpersonar har teke til orde for å prioritere dette saksfeltet.

Når kulturminne har stått i fokus, har det svært ofte vore i samanheng med at fylkeskommunen har stilt krav om arkeologiske utgravingar på grunn av byggeprosjekt av ulik art. Fokuset har vore; kven som skal betale rekninga for slike utgravingar og kva tidsspille utgravingane ville føre med seg. Kommunen har kanskje aldri venta i spenning på kva som vart funne under utgravingane.

Eit anna eksempel er verneprosessen for lensmannsgarden på Tingvoll i Stryn sentrum, som vart vedtaktfreda i 2012. På grunn av arealmangel i sentrum, planla kommunen utviding av aktivitetsområde for skule, kulturhus og idrettshall som låg ikring lensmannsgarden, og med to automatisk freda gravhaugar i nærområdet. Kommunen hadde så stort fokus på sitt akutte arealbehov og dermed sanering av lensmannsgarden, at vi kan ha gløymt rolla som lokalt kulturminnemynde. Einskildmenneske gjekk ut i lokale media og irettesette kommunen for manglande forståing for kulturminneverdien som låg i området.

Men Stryn kommune kan og peike på ein del saksområde der kulturminne har vore prioritert. Eitt døme er bruken av SMIL-midlar, der restaurering av ei rekke eldre bygningar har vorte prioritert ved dei årlege tildelingane.

Eit anna døme er at kommuneplanen sin arealdel har prioritert å ta vare på viktige kulturlandskap og bygningsmiljø, stølsområde og naustmiljø, og at praktiseringa av kommuneplanen i mange område har gjort denne bevaringa mogleg.

## 3.2. INNBYGGJARAR, LAG OG FORENINGAR

Det er ei rekke einskildpersonar som gjennom mange år har gjort ein betydeleg innsats for å ta vare på kulturminne i Stryn kommune. Det gjeld grunneigarar/eigarar, guidar, kunstnarar, restaureringssnekkarar, dugnadsdeltakarar m.m. Fleire av desse eldsjelene er intervjua om Mitt Kulturminne.



Foto: Odd Rønning

*Eitt eksempel på restaurering som er utført på Nordsida er dette gamle kvernhuset på Teigen i Blaksetbygda, som stod ferdig restaurert i 2010. 24.juli 2011 gjekk ein ofse i Steindøla som sletta alle spor av bygningen.*

Fleire lag og foreiningar gjer eit viktig i arbeid med å ta vare på kulturminna, vi nemner her nokre av dei:

**Stryn Historielag** er ein organisasjon som i stor grad er engasjert i spørsmål vedrørande kulturminne, like mykje som kulturhistorie. Stryn Historielag sin posisjon i lokalsamfunnet gjorde at Stryn kommune engasjerte laget til å gjennomføre intervju med bidragsytarar til Mitt Kulturminne. Historielaget gjennomførte heile 39 intervju, har bidrege i utforming av manus til planen og elles vore svært aktive.

**Nordsida Utviklingslag** er ein allsidig organisasjon som mellom anna har engasjert seg i mykje arbeid med restaurering av gamle bygningar og skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap. Laget er unikt i vår kommune ved å kombinere skjøtsel og restaurering av landskapet med tilrettelegging for oppleveling. Dette er gjort langs kvernhusdalen og ved Sagedammen på Ulvedal og fleire andre stader på Nordsida.

**Segestad Vener** er ein organisasjon som har stått for sikring, vedlikehald og restaurering av fjellgarden Segestad og skjøtsel av det gamle kulturlandskapet frå midt på 1980-talet. Laget har 20-årige avtaler med dei private grunneigarane om forvaltning av Segestad.

**Faleide skulemuseum** vart opna i 1998. Det er lagt ned eit stort frivilleg arbeid i museet, samt at både kommunale og statlege midlar er nydda for å fullføre arbeidet med å setje museet i stand. Faleide skulemuseum ligg på Faleide, om lag 1 mil frå Stryn sentrum. Føremålet er at Faleide skulemuseum skal vere eit offentleg museum for bevaring, dokumentasjon og formidling av Stryn kommune si felles skulehistorie.

**Garden Li** i Innvik er i dag ei privat stifting. Eit eige styre er ansvarleg for drift/vedlikehald av garden.



Tunet på garden Li

Foto: Informant

### Singerheimen

Singerheimen er i dag ei stifting. I tillegg vart venneforeininga for Singerheimen skipa for nokre år sidan. Dei utfører mange timar med dugnadsarbeid kvart år, både innandørs og utandørs.

### Gamle Innvik Ullvarefabrikk

Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk vart stifta i 1993, og står som eigar av bygningen. Stiftinga vart etablert for å ta vare på fabrikkhistoria og bygningsmassen. I tillegg til vedlikehaldsarbeid har dei ulike aktivitetar, arrangement og kunnskapssenter i dei gamle lokalane.



Gamle Innvik Ullvarefabrikk

Foto: Ukjent

## 4. PLANFRAMLEGG

### 4.1. METODE OG GRUNNGJEVING

Kommunedelplanen for kulturminne i Stryn har tema «*Mitt kulturminne*». Planen skal presentere, systematisere og kartfeste dei kulturminna som intervjuobjekta presenterer som «Mitt kulturminne». Dette gjeld for alle kulturminne som er eigna for slik presentasjon enten som eit synleg objekt eller som eit segn eller ei historie knytt til eit mindre geografisk avgrensa område.

I planprosessen vart alle innbyggjarane i kommunen inviterte til å presentere det kulturminnet som har størst betydning for vedkomande. Det har vore eit krav at kommunen fekk intervju og presentere personen og kulturminnet gjennom ord og bilde. Standard intervjuuskjema har hatt følgjande tematikk:

- Intervjuobjektet sin generelle interesse for kulturminne.
- Kvifor det aktuelle kulturminnet er så viktig.
- Kva intervjuobjektet veit om det aktuelle kulturminnet.
- Kva forventningar intervjuobjektet har til at samfunnet skal ta vare på det aktuelle kulturminnet.
- Til slutt kommentarar frå kommunen om det einskilde kulturminnet.

Stryn historielag vart engasjert av kommunen til å intervju dei interesserte. Historielaget engasjerte heile sin organisasjon i alle grendelag og gjennomførte 39 intervju. 12 intervju vart utført av kommunen.

Som eit resultat av arbeidet kan kommunedelplan for kulturminne presentere 51 objekt som «Mitt Kulturminne». Dei fleste av desse er materielle. Nokre personar har peika ut fleire enn eitt kulturminne. Felles for alle kulturminne omtala som Mitt kulturminne er at det står minst ein person i lokalsamfunnet og meiner at dette kulturminnet må vi ta vare på og ikkje gløyme.

I tillegg omfattar kommunedelplanen ein del kulturminne som på grunn av verdi, sær preg eller sjeldsynheit må takast med i ein kommunedelplan for kulturminne. Dei fleste av desse ligg allereie inne i kommuneplanen sin arealdel.

Dei ulike kulturminna er markert med følgjande fargar i plandokumentet:

- Mitt kulturminne
- Kulturminne og kulturmiljø som har eit vern i medhald av Kulturminnelova
- Kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel
- Andre viktige kulturminne

### 4.2. MITT KULTURMINNE

Stryn kommune og Stryn Historielag har i samarbeid gjennomført 51 intervju av einskildmenneske som er opptekne av kulturminne på ein eller annan måte. Dei har fått spørsmålet «Kva er ditt kulturminne», og svart på det og fleire andre tilknytte spørsmål. Her er resultatet. Mitt kulturminne er nummerert med referanse til kartet. Ein kortversjon av intervjuet vert presentert under. Intervjuet utan avkorting ligg ved som vedlegg til kommunedelplanen.

## Rasmus Bø sitt kulturminne

# Bautasteinen i Bø – M1

Gnr 60 bnr 2. Indre Bø, mellom rv 15 og elva

Freda bautastein. Uvisst kvifor han er reist der og kor gammal han er. Kan ha vore ein gammal tingstad.




Foto: Odd Rønning

«Steinen står der, like skeiv som dei siste 100 år.»

**Forventing:** At steinen blir teken vare på så han ikkje ramlar ned.

## Rune Holen sitt kulturminne

# Båtvaket i Lodalen – M2

Gnr 77 bnr 6. På Nesodden mellom Bødal og Nesdal.

Vrak av båten som gjekk på Lovatnet frå 1902. Vart kasta 350 meter inn på land ved rasulukka i 1905, og vidare om lag 150 meter ved ulukka i 1936. Stålåtvaket er rusta, og ligg ope for vêr og vind.



Foto: Odd Rønningen

*«Eg har aldri sett leirskuleelevar meir interessert enn når dei har fått servert historia til rutebåten på Lovatnet, og kan studere restane av det som er igjen. Lodalen er unik med den storslætte naturen og den dramatiske historia»*

**Forventing:** At fagfolk må vurdere kva som er det beste for å ta vare på båtvaket, at lokalbefolking og reiselivet bør engasjere seg i større grad, og at kommunen må inn som forvaltingsmynde og finansiell aktør.

## Ola Fløtre sitt kulturminne

# Damps skipsnaustet på Eide – M3

Gnr 91 bnr 8. I vika på austsida av elveutløpet frå Oldevatnet på Eide.

Naustet står i Svinevika og vart bygd til dampskipa som gjekk på Oldevatnet frå slutten av 1800-talet. Dette er det siste som står att av dette slaget. Nausta vart bygde todelt, med ein del for dampbåten og ein for slepeskuta. Skyssen gjekk på vatnet fram til krigen.



Foto: Odd Rønningen

*«Alt frå barneåra kan eg hugse turistane. Det som mest sit igjen i minnet er lukta av sigar og parfyme. Det var liv og røre – du å du.»*

**Forventing:** At lokalbefolkinga og det offentlege bidreg til at naustet vert ståande der det står i dag, og vert teke vare på i den stand det er no.

**Marit Merete Lunde sitt kulturminne**

## Den gamle setrevegen på Bergsida – M4

Gnr 47, 48 og 49. Nordaust om Vinsrygg-gardsbruka gjennom Geileledet (no felås), der den nye setervegen (bilveg) tek til.

Stadnamn og historier knytte til setrevegen til Lundasetra, på den strekkja lundarane og andre nyttar til Tverrfjellet.



Foto: Informanten.

*«Frå vi borna var små, tok far vår, Børre Lunde (f. 1916), oss med til fjells på ulike stigar og stader. I tillegg til å formidle glede over og respekt for fjell og natur, synte han oss spor etter gamle dagar og fortalte om namn og hendingar eller segner som måtte vere knytte til stadene.»*

**Foventing:** At dei uklåre partia av stien vert leita fram att, at ein på dugnad kunne fått Vinkjelda fram att i dagen, at kommunen i samarbeid med bergsidarar kunne få opp stadnamnskilt og tavler med namneoppav og dermed segner og historiske opplysningar.

## Edvard Faleide sitt kulturminne

# Den Trondhjemske Postveg – M5

Gnr 150 bnr 3,6 og 7.Frå Faleide til rv15 ved Vegtun.

Del av den gamle postvegen, til dels godt vedlikeholden gjennom Stryn kommune. Denne strekninga går forbi Faleide Utigard, der det var postteneste frå 1793 til 1867.



Foto: Odd Rønningen.

*«Sydover var det postbønder frå Faleide som rodde til Utvik. Mange fekk fri frå militærtenesta for å vere «postkarl»»*

**Forventing:** At samfunnet skal vere klar over at vegen er der og at han ikkje vedlikeheld seg sjølv. Det er samfunnet si plikt å halde vegen ved like.

## Rønnaug Berge Leite sitt kulturminne

# Diplom Juv, gardsbrev frå 1331 – M6

Gnr 161 bnr 1.Garden Juv ligg mellom Utvik og Tistam

Diplomatarium Norvegicum datert 06.02 1331. Fører gardshistoria på Juv tilbake til 1200-talet, og namngjev sjølveigande bønder på garden i 700 år.



Foto: Informanten.

«Bestemor mi hadde godt humør og likte å fortelje – og eg likte å høyre på. Eg trur heile livet hennar ligg lagra i meg, frå hosov på fjøslemmen saman med systera Helga til ho fekk oppleve det ho ikkje trudde var muleg; å bile opp i tunet på Juv.»

**Forventing:** At formidling av livsarven vår, her dokumentert av Diplomet, skal vere eit kulturminne og bli løfta fram i lyset, slik at vi som bur i Nordfjord blir klar over dette.

## Marie-Johanne Folven sitt kulturminne

### Erdal skulehus – M7

Gnr 22 bnr 6, Rygg. Like ved bygdevegen i Erdal, Oppstryn.

Gammalt skulehus bygd i 1902 av tømmer frå Lomskogane i Oppland. Brukt til skule til 1975, og har sidan hatt funksjon som grendahus for krinsen.



Foto: Informanten.

*«Då eg sto på stillas og vaska og måla opp under mønet, kom eg inn på ei måling som måtte vere over 100 år gammal, og dei sterke takbjelkane med krokar for bardunar gjorde inntrykk.»*

**Forventing:** At samfunnet hjelper til med utgiftene til vedlikehald, og at skulehuset vert med i dei kommunale planane for bygningsvern.

## Egil Erdal sitt kulturminne

# Erdalstunet – M8

Gnr 21 bnr 2, Erdal. Tilkomst frå communal veg gjennom Erdalen.

Tun med opphaveleg 6 bruk, rydda på 1400-talet. Bruk nr 2, Samelbruket, er godt ivareteke. Her går framleis grova gjennom tunet med steinklopper intakt. Stengardane som gjerda inne hagane, og teiner for leiing av dyr til beite fortel om gardsdrifta i tidlegare tider, men er også i bruk i dag.



Foto: Odd Rønningen

«Grova var livsnerven i det gamle Erdalstunet. Her var avkjøling for alle typer mat om sommaren. Her var vaskeplass for klede med kleskoking og skrubbing. Her var skylling av tarmar og vember i slaktetida. Og kvileplass mellom arbeidsøktene. Her leika ungane, ved å krype under kloppene. Og i barnevogna, som stod på stabburskloppa, der låg minstemann, svevd i søvn av sildrelyden frå grova.»

**Forventing:** At det offentlege i det minste ikkje bidreg til at dette kulturlandskapet vert rasert, men at ein likevel må unngå freding som fråtek etterkomarane sin fridom til å utvikle gardsbruket.

**Else Sætre Jensen sitt kulturminne**

## Faleide handelsstad – M9

Gnr 150 bnr 9. Kaia på Faleide, 7 km vest for Stryn sentrum.

Gammalt bygnings- og kaimiljø frå den tid Faleide var sentrum i Indre Nordfjord. Bygningane er truleg frå ca 1850-1900. Det er gamle budar, butikk og skaffarbustaden.



Foto: Odd Rønningen

*«Butikken var ein samlingsstad for å slå av ein prat, og når båten kom, så kom folk for å sjå på båten og oppleve den gode stemninga. Båten tok med seg, og kom med både menneske, dyr og varer.»*

**Forventing:** At samfunnet gjer alt dei kan for å verne for inngrep i kulturlandskapet, at det vert teke med i kommunale arealplanar og oppretthalde som verneområde vidare. Det er eit stort ynskje at tømmerkaia vert flytta frå Faleide.

**Steinar Hilde sitt kulturminne**

## Filmteknisk museum i Innvik – M10

Gnr 122 bnr 2, Hilde i Innvik

Samling av gammalt opptaks- og filmutstyr. Tilrettelagt for framsyning av eldre filmar og formidling av kunnskap om temaet og utstyret som er samla.



Foto: Dag Vanberg.

«Av ting eg er særleg stolt over, er ein filmframvisar der lyset vart drive av kolstavar. Denne framvisaren er truleg frå tidleg på 1900 – talet – og svært verdfull!»

**Forventingar:** At kommunen kan hjelpe til og vere støttespelar når det gjeld bruk og informasjon om museet/samlinga, og at folk og organisasjonar gjer seg nytte av tilbodet.

**Arne P. Sunde sitt kulturminne**

# Funn av 125 sølvpengar på Storesunde – M11

Gnr 69 bnr 1,2 og 4. Ved Vareberget, rett vest for Storesunde skule

Sølvmyntar funne i 1886, under ein avlang stein ved Vareberget. Myntane skulle vere av sølv og var tidfesta til 1600-talet. Dei er ca 1,5 cm i diameter. 18 av myntane er no tilbake i Stryn etter å ha vore i privat oppbevaring på anna hald.



Foto: Arne P Sunde.

*Andreas Sunde (5 ½) med ein v myntane som tippoldefaren Andreas fann då han var 7 år. Bestefar Arne P Sunde har vakse opp med forteljinga om sølvmyntane som hans besten fann.*

Kven hadde lagt dei der?  
Kvar kom myntane frå?  
Kor mykje var dei verd?  
Kunne det kome nokon tilbake for å hente dei?

**Forventing:** At ekspertar skal kunne svare på kva som bør gjerast med myntane. Viss ikkje storsamfunnet er interessert, blir dette eit minne om ein del av forhistoria til Bendikgarden.

## Herleif Hammer sitt kulturminne

# Futebordet – M12

Gnr 129 bnr 2. Hansbruket på Heggdal.

Stor steinhelle som var nytta til tingbord på 1500-talet. Bygdefolket velta bordet over futen og drap han.



Foto: Dag Vanberg.

*«Det er sagt om den nye futen som tok over etter Helje, at han var ein hardeskavar og kravde inn meir skatt enn han hadde rett til»*

**Forventing:** At Futebordet ikkje må flyttast frå Hans-tunet, at kommunen kunne vere med å legge til rette for informasjon og skilting av steinbordet.

## Oddgeir Brekke sitt kulturminne

# Gammal kvern – M13

Gnr 33 bnr 3, Brekke. Utigard i Oppstryn

Kvenna stod tidlegare ved elva som renn ut ved Nesje. Er no plassert i eit sagbruk.



Foto: Inger Fure.

«Gamlelensmannen kom til gards og plomberte kverna og sa at dersom mysene gneg av strengen får de gje beskjed»

**Forventing:** At kvenna får stå.

## Jon Aanings sitt kulturminne

# Gamle steinmurar på Åning – M14

Gnr 32 bnr 1 og 3, Åning i Oppstryn

Bakkemurar og steingardar bygde når dei rydda og «braut jord», kanskje heilt tilbake til 1600-talet. Murane er frå 1 til 3-4 meter høge, til saman ca 500 meter lengde.



Foto: Inger Fure.

*«Samfunnet let maskinene overta arbeidet, og ”kunsten” og handelaget gjekk i grava med gamlekarane. Eg var heldig og fekk lære det.»*

**Forventing:** Mykje har gått tapt, både murane og kunsten å lage dei. Det er eigarane og samfunnet sitt ansvar.

## Morten Christian Vanberg sitt kulturminne

# Gamlehuset på Heimtun, Vanberg – M15

Gnr 118 bnr 9, Vanberg, mellom Olden og Innvik.

Huset er bygt i ca 1870-1880 av Markus Vanberg. Bygget er nesten ikkje endra sidan den tid, men er godt halde ved like. Det vart lagt inn straum og vatn i 2004. Huset har vore nytta som feriestad sidan 1950.



Foto: Informanten.

«Oldefar Ola M. Vanberg var ein sprek og artig mann, som song og fortalte om fortida, om oppveksten og tida då han med Andre Hornindals kompani skulle mobilisere mot Sverige i 1905.»

**Forventing:** Økonomisk støtte til restaureringsarbeidet frå kulturminnefondet og andre bidragsytarar. At kommunen gjer ei kulturmingefagleg vurdering og ser på huset som verneverdig.

## Edith Guddal sitt kulturminne

# Gamletunet i Sunndalen – M16

Gnr 18 bnr 4. Ved enden av Sunndalsvegen, 4,7 km frå rv 15.

Av det gamle tunet i Sunndalen står berre tuftene att. Garden vart skada av skred heile 13 gongar. Største skreda gjekk i 1718 og 1868, og 24 menneske omkom. Etter skredet i 1902 har det ikkje vore fastbuande på garden, men murane syner kvar husa stod.



Foto: Inger Fure.

«Garden ligg høgt til fjells inn mot Opplandsfjella og Jøstedal,... under den fordærvelige blåbreen, som bryt ut både i solskin og regn, og ligg attmed ei forfærdelig elv som kjem frå breen. Frå breen skyt det ned store usigelige steinar, som tek bort eller øydelegg gardane.»

**Forventing:** At skog og kratt blir rydda vakk slik at murane syner meir, og lage ein sti frå hovudvegen. Sette opp minnestøtte med namna til dei som omkom i rasa.

## Johan Gjørven sitt kulturminne

# Gjørvalaksegarden – M17

Gnr 64 bnr 5. Gjørvafossen i Stryneelva, rett nedanfor Uragarden

Kan vere frå slutten av 1500-talet, var i bruk fram til slutten av 1970-talet. Fangstreiskap bygd av stein og eikeplank. Laksebegjet leidde fisken inn i karet der han vart fanga.



Foto: Arne P Sunde.

«I Stryneelva står det att berre ein laksegard som er brukande. Den står på Gjørven.»

**Forventing:** At kommunen tek på seg eit tilsyn med laksegarden, og held han i god stand.

**Arnold Sunde sitt kulturminne**

## Hynnjelsbruna og Vilkjekløppa – M18

Over Vikaelva, mellom gnr 57 og gnr 46. Tilkomst fra Setrevegen til Toningsetra eller fra Vik/Hol.

To bruer, ei lita stenklopp og ei trebru. Trebrua, Hynnjelsbrua er bygd av stokkar lagde over Hynnjelsjølet. Ingen veit kor gammal bru er. Vilkjekloppa vart trulag laga etter flaumen i 1905, er ei stor steinhelle lagt til rette over elva der ho tok nytt løp.



Foto: Arne P Sunde.

*«Kloppa er nemleg ei uoppreist, liggjande statue over norsk brukskunst, meisla og mura med norsk gråstein. Lokalhistorisk er kunstverket mosegrodd og gløymt. Ingen tek hua i handa for å trø andaktsfullt over ei steinklopp i setreråsa. Vilkjekloppa har aldri vore gjort stas på med kranspålegging og høgtidelege taler, men er likevel eit ærefullt minnesmerke over kampen mot naturkreftene og slitet for det daglege brød i farne tider.»*

**Forventing:** At Hynnjelsbrua vert vedlikehalden. Vilkjekloppa treng ikkje vedlikehald. Det er viktig at namna blir skrivne lydrett. Dersom namna ikkje blir haldne i akt og ære, vil kulturminna bli gløymde.

## Amund Nedreberg sitt kulturminne

# Jekteløken i Hestøda – M19

Gnr 48 bnr 3. Ligg ved fjorden i Hestøda, 1 km vest for Stryn sentrum.

Jekteløken var hamn for Nedrebergsjekta. Jektefarten på 17-1800-talet var viktig samkvem med Bergen. Denne farten minka utover 1800-talet, og med den bruken av jekteløken. Det er gjort nødvendig arbeid for å ta vare på Jekteløken, opplagd Stein hindrar utgliding av masse.



Foto: Informanten.

«Gardsprodukt, t.d. ved, tønneband, skinn og kjøt, vart skipa til Bergen for sal. Byvarene jekta hadde med heim, var det grenda trond utanfrå, frå korn til kaffi og kamferdråpar. Byreisa med jekt var i seg sjølv ei oppleiving for mange, ofte første møte med ei vidare omverd.»

**Forventing:** At dette kulturminnet vert registrert.

Lars Henrik og Åsmund Skår sitt kulturminne

## «Kasta til Skåra»- kasting med laksenot – M20

Gnr 39 bnr 1. Mindresunde ved Nedrefloen

Ei furu med hol i viser kvar spelet med nota vart festa når det vart fiska etter laks med kastenot. I 1979 vart det innført forbod mot fisking med laksenot. Historia om korleis fisket gjekk føre seg er viktig å formidle.



Foto: Informanten.

«*For ein fangst! Sju laksar og nokre sjøørretar. Etter at nota var kasta om og klargjort for eit nytt kast om kvelden eller breiding for bøting av hol og utskifting av sandposar, samla mannskapet seg på lakseplassen og no byrja tipping på vekt.*»

**Forventing:** At samfunnet legg til rette for å ta vare på slike kulturminne. Det må leggast til rette for ordningar, økonomisk og praktisk, for at slikt arbeid kan prioriterast. Det vil vere aktuelt å sette opp informasjon, både på norsk og engelsk.

## Johan Gjørven sitt kulturminne

# Krokodilla – M21

Gnr 64 bnr 5. Plassert på Gjørven, vis a vis Lysvoll, mellom rv 15 og Stryneelva

Vasspost av metall, utforma som dragehovud, skulle sikre laksefiskarane friskt vatn frå ei oppkome. Krokodilla stod opphavelig i vegamuren nord for vegen. Eit metallskilt med innskripsjon stod over krokodilla. Vart sett opp mellom 1892 og 1899.




Foto: Arne P Sunde.

*"Drink weary traveller in the land and on the journey fare"*

**Forventing:** At det skal renne vatn i krokodilla att. Røret må takast opp ved inntaket i Kverva og reinsast. Det må haldast reint og ryddig rundt krokodilla.

## Ola Fløtre sitt kulturminne

# Kvelvingsbru på Eide – M22

Over elva på Eide, gnr 91. Tilkomst via fylkesvegen til Oldedalen, avkøyring ved Eide til Beinnes. Ligg rett på nedsida av nyebrua på Eide

Kvelvingsbru bygd av «løftingstein», dvs Stein som folk kunne løfte. Uvisst når ho var bygd, men det vert hevd lokalt at ho er bygd av trælar av munkevesenet. Var einaste bru over Oldeelva fram til 1951. Bilete av bruа side 68 og 84.



Foto: Odd Rønningen.

*Ola Fløtre tilbake på bruа der han som femåring skulle krysse den flaumstore elva som slo over vestre brulegeme. Med ei bøtte gulrot. Det gjekk nesten gale.*

**Forventing:** At samfunnet held kulturminnet ved like. Det offentlege må ordne det økonomiske og organisere dugnadsarbeid.

**Amund Nedreberg sitt kulturminne**

## Kvennjagrova på Bergsida – M23

Gnr 48. Grova ligg nord/aust for tuna på Bergsida. Tilkomsten er lettast frå Nedreberg.

Kvennjagrova sytte for vasstilførsel til kvennhusa på Bergsida. Gardane på Vinsrygg og Øvreberg hadde 5 kvennhus øvst ved grova, nede ved den gamle kyrkjevegen hadde Lunde og Nedreberg sine 4 kvennhus.



Foto: Informanten.

*«Det var søndagsleikeplass for ungar i grenda på 1950-talet.  
Her er og eit frodig og sjærmerande skogsområde som gjer det til eit interessant turterreng.»*

**Forventing:** At kulturminnet blir registrert og kartfesta.

## Amund Mork sitt kulturminne

### Kvernhusstuft – M24

Gnr 29 bnr 2. Tufta ligg i bakken sør for sagbruket på Fosnes. Dette skal vere murane etter det første kvernhuset på Fosnes.



Foto: Inger Fure.

«Vatnet vart leda i ei veit frå Fosdøla og ned eit skar i fjellet.»

**Forventing:** At samfunnet støttar opp om verning og blir med vidare framover med planar.

## Bjarne Greidung sitt kulturminne

# Kvie-Lars-helljaren – M25

Gnr 25 bnr 4, Greidung i Erdal, i fjellet på sørsida vest for Svorahola.

Hellar og utmarksslått teken i bruk av Kvie-Lars litt etter 1800. Han budde på Nesje, og fekk bruke denne teigen fordi der var fare for steinsprang, og grunneigaren våga ikkje livet sitt der.




Foto: Inger Fure.

«Av uviss grunn kom Lars Qamme til Nesje i Oppstryn, der han fekk setje seg opp ei husmannsstove ovanfor bøgarden «i udmarken, under fefot og beitedyr»»

**Forventing:** At kulturminnet vert registrert, og at ein kan syne dette kulturminnet og historia bak namnet.

## Oddbjørn Reme sitt kulturminne

# Kvilkjekvilada – M26

Gnr 123 bnr 2. I utmarka på Jo-bruket på Reme

Lafta utelade som ligg i Kvilkjekvia, ei gammal slåttekvie til Reme. Lada var i bruk fram til siste krigen. Alderen er uviss, men lada er nemnd i utskiftinga i 1870-åra. Ferdig restaurert i 2006, med nytt tak av store heller funne på staden.



Foto: Dag Vanberg.

*«Då eg var smågut og spurde og grov etter kav tid jula og nissen kom, svara dei vaksne at nissen var ein tur innom Kvilkjekvilada på veg til Reme.»*

**Forventing:** At Stryn kommune viser interesse og støttar slike prosjekt.

## Knut Gunnar Ulvedal sitt kulturminne

# Køyringehuset i Ulvedalstunet – M27

Gnr 131 bnr 1. Ulvedalstunet på Nordsida

Huset var brukt til å lagre jordbruksreiskap av ulikt slag.



Foto: Ottar Ulvedal.

*«For meg som har overteke ein slektsgard med rike tradisjonar, er det viktig å ta vare på det som høyrer garden til.»*

**Forventing:** At samfunnet stiller opp med økonomisk støtte som gjer prosjektet realiserbart og for å stimulere til at arbeidet vert gjort.

## Arve Fjellkårstad sitt kulturminne

### Kårstadbakken – M28

Gnr 173 bnr 1 og 4. Bakken ligg aust- og ovanfor garden Fjellkårstad, ca 550m.o.h.

Gammal hoppbakke bygd rett før eller under andre verdskrig. Hoppet var bygd delvis av stein i bakkant, med opptømra hoppfront på 2 meters høgde. Oppå dette var det festa bølgeblekkplater. Hoppet er no samanvelta.



Foto: Odd Rønningen.

*«Når ein har gått i lag med foreldre og besteforeldre her ute. Sett og høyrt om alt strevet for å halde hjula i gong. Då vil ein ikkje fjerne spora etter dei. Det seier seg sjøl det.»*

**Forventing:** Det hadde vore interessant å fått bygt opp att bakken. Då måtte lokalsamfunnet hjelpt til, med økonomisk tilskot frå det offentlege.

## Johan Gjørven sitt kulturminne

# Lakseklekkeriet på Stauri – M29

Gnr 42 bnr 11, Stauri, mellom elva og vegen til Lysvoll.

Klekkeriet vart bygd i 1936. Plasseringa ved ei lita sideelv sikra friskt og reint vatn. Anlegget var i drift fram til 1980-talet. Laksen utvikla seg frå egg til yngel i løpet av om lag to månader i klekkeriet.



Foto: Arne P Sunde.

*«Klekkeriet er eit minne frå gammal tid då fisket var viktig for bøndene langs elva, både som inntektskjelde og for å skaffe mat til familien.»*

**Forventing:** At historia rundt dette blir teken vare på, på grunn av laksefisket si betydning for Stryn.

**Amund Mork sitt kulturminne**

## Ledemurar i Fosdalen – M30

Gnr 29 bnr 1.I Fosdalen mellom Tafsehynna og Vesledalen, ca 800 m.o.h.

Steinmurar som går på tvers av Fosdalen og stengjer dalbotnen. Kjenner ikkje alder på murane. Veit heller ikkje om dei er bygde som stengsel for storfe eller til fangst av rein.



Foto: Inger Fure.

*«Steinmurane i Fosdalen har imponert meg og fått meg til å undre kven som har lagt ned alt arbeidet for å få det til»*

**Forventing:** At murane blir avbilda og registrert, og at det som kjem fram vert formidla.

## Matias Lunde sitt kulturminne

# Lundehella – M31

Gnr 49 bnr 6. Ligg ved sjøen i Lundestranda.

Lundehella er ei stor steinhelle som ligg i flomålet . Her stod futen og kravde inn skatten. Hella vart bruk til å sette opp ved på. Veden vart lasta om bord i jekta når dei skulle til Bergen.



Foto: Odd Rønningen.

*«Eg har rodd ein god del langsmed fjorden, sett på denne hella og høyrt mange ting om henne.  
Ho er ein del av historia til garden.»*

**Forventing:** At det vert halde ryddig rundt hella, og at det vert passa på at ho ikkje dett ned.

## Berit Hisdal Lunde sitt kulturminne

### Lundesetra – M32

Gnr 49. På Tverrfjellet, tilkomst frå Vinsrygg eller via turveg og skiløype frå Ullsheim eller Bøasetra.

Setra vart teken i bruk ein gong etter 1723. Her er fleire lafta bygningar, både sel og fjøs. Den gamle kyrkjevegen frå Markane går mellom selet og fjøsen.



Foto: Informanten.

*«Garden som eg no bur på, har hatt seterdrift i mange hundre år med dyra på setra om sommaren. Det var budeier som stelte dyra, og i tidlegare tider med mykje rovdyr måtte det og vere gjætarar på setra.»*

**Forventing:** At dei gamle setrehusa og setrekvia blir bevart, og at dei gamle tømmerhusa får stå i mest muleg opprinnelig stand.

## Johan Gjørven sitt kulturminne

# Minnestein for rasulukka på Gjørven i 1868 – M33

Gnr 64 bnr 6. Steinens står på Kleiva innafor garden Ækra. Veg frå Gjørven.

Ei stor steinhelle vart i 1990 sett opp som minnesmerke over dei 11 som omkom i eit av dei store snørasa i Strynebygda vinteren 1868.



Foto: Arne P Sunde.

«Dette er eit kulturminne som er sterkt knytt til forfedrene i Gjørven-slekta.  
Den store rasulukka som ramma garden Gjørven den 11. februar 1868 la øyde fire gardstun, og 11  
menneske omkom.»

**Forventing:** At historia blir teken vare på og gjort tilgjengeleg.

## Torild Mikalsen Nedreberg sitt kulturminne

# Nedrebergtunet – M34

Gnr 48 bnr 2, Nedreberg.

Gammalt tun med fleire bygningar, bygde mellom 1850 og 1872. Bygningane er restaurerte og verna gjennom bruk. Nedrebergtunet er ope for publikum.



Foto: Informanten.

*«Så flytte eg til Nedreberg, og der og var mykje gammalt. Spesielt har eg interesse for kvinnehandverk.»*

**Forventing:** At samfunnet ved å ta vare på det kan skape ringverknader, at det skal vere eit døme på at ein kan vare på hus sjølv om dei er gamle.

Anne Margrete Tonning sitt kulturminne

## Olden gamle kyrkje – M35

Gnr 86 bnr 169, Olden sentrum.

Kyrkja – slik ho står i dag – var ferdig bygd i 1759, og skal vere den einaste frå dette hundreåret som står att i fylket. Ny kyrkje på Brynstad vart reist i 1934.



Foto: Odd Rønningen.

*«I veglause Oldedalen var det ingen kyrkje eller gravplass. Likevel var det forventa at vi skulle gå til kyrkje minst fire gonger i året. Både mine foreldre og besteforeldre er gravlagt på kyrkjegården ved Olden gamle kyrkje. Dette var vår kyrkjegård.»*

**Forventing:** At ein støttar opp om interessegruppa for Olden gamle kyrkje, at kyrkje vert vedlikehalden slik at kan behalde henne slik ho er i dag.

## Harald Runde sitt kulturminne

# Prestestabburet – M36

Gnr 126 bnr 74, prestegarden i Innvik

Freda stabbur, flytt frå Skåden til den gamle prestegarden i 1536/37 og nytta til bispeloft. På 1700-talet teke i bruk til stabbur.



Foto: Dag Vanberg.

«På veggane i det inste rommet, er det vakre, svarte border på dei to øvste stokkane. Så er det ein svak, brunraud farge på resten av stokkane, med nokre border på dei nedste.»

**Forventing:** At samfunnet og noverande eigar, Opplysningsvesenets fond, tek vel vare på stabburet.

## Inger Fure sitt kulturminne

# Raffelsteinen – M37

Gnr 16 bnr 1, Grasdalen i Oppstryn, vest for øvre tunnelopning Grasdalstunnelen.

Oppmura steinhillar nytta til overnatting for saugetjarar, og truleg også som herbyrge for ferdafolk. Ein kjenner til at han var i bruk til gjetarar tidleg på 1800-talet. Rundt hillaren er det spor av små kvier og innhegningar.



Foto: Informanten.

*«Ein gong var det nokre karar som hadde med for lite mat. Ei som var i følje hadde rikeleg med wienerbrød med seg. Men ho delte ikkje med karane, dei måtte betale godt for å smake. Ho starta seinare butikk»*

**Forventing:** At det vert opplyst om kulturminnet, slik at fleire kan sjå denne hellaren som held på å gå i gløymeboka.

## Johnny Tvinnereim sitt kulturminne

# Randasaga – M38

Gnr 170 bnr 3. Ligg ved Vikaelva i Randaskogen i Markane, tilkomst via Randaskogvegen.

Tuft av ei gammal sag eigmeld av gardane i Randabygda. Bygd tidleg på 1800-talet, truleg samanrasa ca 1920. Gardane i Randabygda eig skogateigar i Markane, sidan dei ikkje hadde skog heime. Tømmer vart hogge og saga her før det vart frakta over fjellet til Randabygda.



Foto: Odd Rønningen.

«Mange hus i Randabygda er bygd av tømmer frå Randaskogen, medan Hopland hadde meir furuskog ut mot Kvalen og også hadde eiga sag nede ved Hoplandsnausta»

**Forventing:** At området vert halde ryddig for skog og kratt, men det greier grunneigar sjølv.

## Harald Rørtveit sitt kulturminne

# Regefelle (Ròvafòll) – M39

Gnr 38 bnr 1.I Dispamarka ved Møsesvadet vest for setra, ca 400 m.o.h.

Fella er bygd opp av steinheller, med trematerial av einer. Plassering på ein tørr stad der reven vil ferdast. Mange slike var i bruk på 50-og 60 talet.




Foto: Arne P Sunde.

«Ferdsel i skog og mark er aktivitetar som har vore dyrka frå tidleg ungdomstid»

**Forventing:** At kunnskap om kulturminna vert formidla, og at tilhøva vert lagt til rette for at kulturminne blir tekne vare på. Dette kan skje ved at kulturminne vert tekne vare på, eller at informasjon blir innsamla og gjort tilgjengeleg.

## Hallvard Almenning sitt kulturminne

# Sagedammen – M40

Gnr 131 bnr 3 fnr 1, Ulvedal, Ulvedal kulturpark

Inneheld oppgangsag, eldhus med steinomn/bakaromn, tørkehelle for korn og grue, smie, bordskur, høvleriet, gammalt sagbruk brukt som museum, med skomakarverkstad, landhandel, det gamle kjøkenet og bibliotek.



Foto: Ottar Ulvedal.

*«Far dreiv sagbruk her og vi ungane måtte vere med på arbeidet gjennom heile oppveksten. Sjølv om dette var hardt arbeid,- barnearbeid, så var det lærerikt og skapte ei interesse som modnast i vaksne år»*

**Forventing:** At det vert oppretta ei ordning som erstattar SMIL-midlane til slike formål, at kommunen ser verdien av det som er gjort, og at det årlege vedlikehaldet krev økonomisk innsats.

## Margunn Skarstein sitt kulturminne

# Singerheimen – M41

Gnr 86 bnr 27. Muri, søraust for sentrum i Olden

Eit tun med fleire bygningar, bygd av kunstnarane Anna Spencer Brugh Singer og William Henry Singer frå 1913 til 1921. Eigedomen var sommarstad for paret fram til krigen. Han døydde i 1943, ho i 1963. Begge ligg i mausoleum på eigedomen.



Foto: Odd Rønningen.

*«Eg hugsar kor spennande julegåvane frå Singerfolket var. Gardsbestyraren kom og leverte ein kasse som inneholdt kaffi, appelsinar og kjolestoff. Når vi opna kassa, lukta det naftalin.»*

**Forventing:** At samfunnet får opp augene for den verdien som ligg i denne kulturskatten, og stiller opp med midlar slik at vi får redda bygningane.

## Magne Garlid sitt kulturminne

### Slettelada – M42

Gnr 66 bnr 2, Garlid, og ligg på ca 600 moh ovanfor myrane rett under Lidaaksla.

Berre murane står att av denne utelada som må ha vore spesiell fordi ho er rimeleg stor og ligg høgt til fjells. Lada er truleg bygd tidleg på 1800-talet, og var i bruk til ut i 30-åra. Gras og blom vart slege i området rundt lada, tørka og lagra der til vinteren. Då vart det henta heim til sauefør.



Foto: Arne P Sunde.

*«Når ein står i desse omgjevnadane undrar ein seg på kven dei var dei som bygde denne lada, og korleis dei gjekk fram for å få til dette byggverket.»*

**Forventing:** At kunnskap om kulturminna vert formidla, og at tilhøva vert lagt til rette for at kulturminne blir tekne vare på. Dette kan skje ved at kulturminne vert tekne vare på, eller at informasjon blir innsamla og gjort tilgjengeleg.

## Tor Glomnes sitt kulturminne

# Smihelljaren – M43

Gnr 9 bnr 2. På Skarpenes, vest på garden Glomnes i Oppstryn.

Hellar som truleg vart brukt til smie fram til 1800-talet. Seinare vart plassen brukt til å lagre reiskapar og anna. Etter at ei snøfonn tok ut plassen på Segestad i 1902, vart høyet derifrå lagra under hellaren.




Foto: Inger Fure.

«Som barn var det litt spanande å kome til Smihellaren. Det var liksom ei spesiell stemning. Om vi ikkje tenkte historie då, så låg det liksom noko i ”veggane”. Som eldre kjem det meir fram. Budde her folk alt i Steinalderen før enkle hus vart vanleg? Og korleis var det å bu her?»

**Forventing:** At dette skal få stå slik som det er.

**Per Heggdal sitt kulturminne**

## Solsteinen i Innvik – M44

Gnr 122 bnr 177. Kyrkjegarden i Innvik

Solsteinen er gammal, truleg frå tida før 1500. Han er av kleberstein og trapesforma, og kan ha vore gravstein eller lok på ei steinkiste. Steinen har solkors i eine enden, det er eit av dei eldste symbola vi kjenner og er brukt over heile verda.



Foto: Dag Vanberg.

*«Med kristendomen vart solkorset eit symbol på Kristus i himmelrommet. Dei hogg eit lite kors i midten av solhjulet.»*

**Forventing:** At ein finn ein plass i kyrkja der steinen kan stå trygt under tak. Der kan ein også sette opp informasjonstavle.

**Halldis Hagen sitt kulturminne**

## Tyske skytestillingar på Visnes – M45

Gnr 45 bnr 160. Øvre Visnes, tilkomst frå Kipervegen

Skytestillingar frå andre verdskrig, ikkje nøyaktig registrert tal eller utstrekning. Mura i naturstein, somme delar er godt intakte, andre delar samanrasa.



Foto: Odd Rønningen.

«Som litra jente møtte eg ein tysk soldat. Han gav meg drops.»

**Forventing:** At kommunen engasjerer seg for å ta vare på krigsminnet, bidreg med pengar og tiltak og viser at den har ansvar for kulturminne. Grøntområdet med krigsminnet på Visnes må sikrast mot utbygging. Kommunen kan også sette ut søppeldunkar på området, låne ut fliskuttar og bidra økonomisk til merking av turstiar og krigsminne.

## Synnøve og Jonn Beinnes sitt kulturminne

# Ungdomsherberget – M46

Gnr 59 bnr 1 fnr 1. Geilevegen 14, i bustadfeltet Kreklingen nær Stryn sentrum.

Huset var bygd av tyskarar under krigen, som brakke i Bøleiren. Brakka vart flytta etter krigen, vart bygd på med eit tilbygg nordover, og vart teken i bruk som ungdomsherberge i 1949. Plassen vart driven med ulike avtaler fram til 2013.



Foto: Odd Rønningen.

*«Dersom vi tek vare på dette siste kasernebygget frå andre verdskrig kan vi også ta vare på denne delen av historia. Eg synest dette bygget burde få overleve og i størst mogleg grad takast vare på.»*

**Forventing:** At bygget får overleve og i størst mogleg grad blir teke vare på. Dersom vi tek vare på dette siste kasernebygget frå andre verdskrig, kan vi også ta vare på denne delen av historia.

## Matias Lunde sitt kulturminne

# Utigard Faleide – M47

Gnr 150 bnr 6. Gardsbruk ved den Trondhjemske posteveg på Faleide

Eit gardstun med mange hus som er godt ivaretakne. Posten var i Utigard, og der har vore banklokale. Noverande eigar har stor interesse for det gamle, bur på garden og tek godt vare på han.



Foto: Informanten.

*«Heime på garden Lunde står ei gammal nystove, bygd i 1798. Tømmeret til denne stova fekk Margrete Hansdotter Faleide med seg frå Utigard på Faleide då ho gifte seg med Ole Matiasson Lunde. Dette var mine tipp-tipp-oldeforeldre.»*

**Forventing:** At brukarane får hjelp med å ta vare på dei mange gamle husa.

## Per Lunde sitt kulturminne

# Veten på Bergsida – M48

Gnr 50 bnr 1. Ved Veteplata på sørsida av Hogden, ca 490 m.o.h. Tilkomst frå Setrevegen på Bergsida.

Veten var ein del av varslingssystemet frå 900-talet eller tidlegare. Ingen synlege spor i dag, men den rolla og betydninga Veten har hatt, tilseier at ein bør ta vare på kulturminnet. I dag står ei ny vetestove nær plassen der veten var.



Foto: Informanten.

«Frå eg var liten har far min fortalt om Veten og Veteplata»

**Forventing:** At veten får ligge urørt, kanskje markere staden med ei informasjonstavle. At veten med historie og lokalisering vert gjort meir kjent. At det blir brukt rett namn på veten, og at kommunen kan bidra til dette.

## Svein Nesje sitt kulturminne

# Walhalla – M49

Gnr 57 bnr 4. Ein del av «Perhustunet», mot elva i Stryn sentrum

Bygningen er frå 1765, kanskje eldre. Walhalla er truleg bygd i etappar, vart gjestgjevarstad ut på 1700-talet. Perhusa var ein sentral stad i Indre Nordfjord, og Walhalla var lenge einaste gjestgjevarstaden i området. Der var drift fram til litt etter 2000.



Foto: Anita Flo.

*«Barneåra mine i dette miljøet – Perhustunet, var prega av aktiviteten kring Walhalla, og dei driftige damene som arbeidde der, først ho Anne Ytreeide («Samel-Annje») og deretter ho Olina Ytreeide («Olina Walhalla»).»*

**Forventing:** At samfunnet kan hegne om dette kulturminnet og hjelpe til å ta vare på det. Det er eit samfunnsansvar å stille midlar til rådvelde for å ta vare på kulturarven.

## Tom Erik Beinnes Aldeholm sitt kulturminne

# Ysteriet i Bødal – M50

Gnr 77 bnr 1. Mellom tunet til garden Solvang i Bødal og Bødalselva, ned mot vatnet fra fylkesvegen.

Bygget er truleg oppført etter første Lodalsulukka i 1905. Ysteriet er eit av to hus som stod att etter rasulukka i Bødal og Nesdal i 1936. Ved bergingsarbeidet etter ulukka fekk bygget ei større betydning enn berre ysteri ; det vart nytta som sjukestove, og dei skadde vart lagde inn her.



Foto: Odd Rønningen.

*«Det mest imponerande, og rare å tenkje på, det er at folket flytte tilbake og bygde opp igjen husa etter den fyreste rasulukka. Og alle vert minna på ulukkene, dagleg. Det rasar alltid frå Ramnefjell»*

**Forventing:** At samfunnet bidreg med økonomisk tilskot slik at dette kan haldast ved like. Det kan skje gjennom samarbeid mellom grunneigar, frivillege og det offentlege. Det må lagast tilkomst til Ysteriet frå sør, og området gjerdast inne.

Erik Ivar Ulvedal sitt kulturminne

## Øvre kulturløype Rabben – M51

Gnr 131 bnr 1, Ulvedal

Inneheld husmannsplassen Rabben, Ulvedalstunet, stemneplassen Lunden, tjærehellar, sju restaurerte kvennhus, Vetestova, gardfjøsane.



Foto: Ottar Ulvedal.

«*Det er viktig å ta vare på det forfedrene har bygt opp, ikke av personleg nytte.*»

**Forventing:** At samfunnet støttar sterkare opp om vedlikehaldet av kulturminna og stimulerer til dette.

### 4.3. KATEGORISERING AV MITT KULTURMINNE

I tabellen under er dei 51 kulturminna typifisert i tråd med Riksantikvaren si Handbok for lokal registrering av kulturminner i kommunen. Det er fylt ut registreringsskjema for alle Mitt kulturminne, med klassifisering på kategori og funksjon.

I tillegg til denne klassifiseringa presenterer tabellen under kva status desse kulturminna har i dag - om dei er freda, er registrert i SEFRAK-registeret, er omfatta av omsynssone etter plan- og bygningslova, eller til dømes er omfatta av tilskotsordningar i landbruket.

Nr.	Namn	Kategori	Funksjon	Status i dag	ID Kulturminne- søk
M1	Bautasteinen i Bø	Arkeologisk lokalitet	Hendelse, tro, tradisjon	Automatisk freda	55296
M2	Båtvaket i Lodalen	Arkeologisk Skipsfunn	Ferdsel og samferdsel	Automatisk freda	123962
M3	Dampskipsnauastet på Eide i Olden	Bygning	Ferdsel og samferdsel	SEFRAK Meldeplikt	
M4	Den gamle setrevegen på Bergsida	Infra-struktur	Ferdsel og samferdsel		
M5	Den Trondheimske Postveg.	Infra-struktur	Ferdsel og samferdsel	KP arealdel omsynsone	
M6	Diplom datert 06.02.1331.	Materiell		Privat	
M7	Erdal skule	Bygning	Undervisning	SEFRAK Klasse A	
M8	Erdalstunet	Infra-struktur	Ferdsel og samferdsel	Tilskotsordningar i landbruket	
M9	Faleide Handelstad	Bebygglelse	Handel, overnatting servering	SEFRAK Klasse A	
M10	Filmteknisk museum i Innvik	Andre	Kultur uspesifisert	Privat	
M11	Funn av 125 sølvpengar på Storesunde	Arkeologisk lokalitet.	Uspesifisert	Privat	
M12	Futebordet	Andre	Hendelse, tradisjon		
M13	Gamlekverna på Brekke	Andre	Industri, handverk	Privat	
M14	Gamle bakkemurar på Aaning	Andre	Landbruk	Tilskots-ordningar i landbruket	
M15	Gamlehuset på Vanberg	Bebygglelse	Bustad		
M16	Gamletunet i Sunndalen	Bebygglelse	Landbruk		1004578
M17	Gjørvalaksegarden	Andre	Fiske		
M18	Hynnelsbrua og Vilkjekloppa	Infra-struktur	Ferdsel og samferdsel	Statleg sikring av friluftsomr.	
M19	Jekteløken i Heststøda	Infra-struktur	Ferdsel og samferdsel		

M20	Kasta til Skåra	Andre	Fiske		
M21	Krokodilla	Teknisk/ industrielt	Vass-forsyning		
M22	Kvelvingsbru på Eide	Infra- struktur	Ferdsel og samferdsel		
M23	Kvennjagrova på Bergsida	Bebygelse	Energi-forsyning	SEFRAK Klasse C	
M24	Kvernhus på Fosnes	Bebygelse Ruin	Landbruk		
M25	Kvie-Lars-Helljaren	Andre	Landbruk		
M26	Kvilkjekvilada	Bygning	Landbruk		
M27	Køyringehuset i Ulvedalstunet	Bygning	Landbruk		
M28	Kårstadbakken	Andre	Kultur		
M29	Lakseklekkeri på Stauri	Bygning	Fiske	Uregistrert	
M30	Ledemurar i Fosdalen	Infra- struktur	Landbruk/jakt		
M31	Lundehella	Andre	Hendelse/tradisjon		
M32	Lundesetra	Bebygelse	Landbruk	SEFRAK Klasse B KP arealdel omsynssone	
M33	Minnestein for rasulukka på Gjørven 1868	Andre	Hendelse/ tradisjon		
M34	Nedrebergtunet	Bebygelse	Landbruk	SEFRAK Klasse A	
M35	Olden gamle kyrkje	Bygning	Religion	Freda	85213
M36	Prestestabburet	Bygning	Religion	Vedtaksfreda	
M37	Raffelsteinen	Andre	Landbruk		132501
M38	Randasaga	Bygning	Skogsdrift		
M39	Revefelle på Dispen	Andre	Jakt og fangst		
M40	Sagedammen	Grøntanlegg Bebygelse	Landbruk/ Energi-forsyning	KP arealdel omsynssone	
M41	Singerheimen	Bebygelse	Bosetning	SEFRAK Klasse B	
M42	Slettelada	Bygning	Landbruk		
M43	Smihelljaren	Andre	Landbruk		
M44	Solsteinen	Andre	Hendelse/tradisjon		
M45	Tyske skytestillingar	Andre	Forsvar	KP arealdel omsynsone	1003017
M46	Ungdomsherberget	Bygning	Forsvar, seinare overnatting og service		
M47	Utigard Faleide	Bebygelse	Landbruk	SEFRAK Klasse A	
M48	Veten på Bergsida	Arkeologisk lokalitet	Forsvar		
M49	Walhalla	Bygning	Overnatting og service	SEFRAK Klasse A	
M50	Ysteriet i Bødal	Bygning	Landbruk, Hendelse		
M51	Øvre kulturløype på Rabben	Bebygelse	Landbruk	SEFRAK Klasse C	

## 4.4. VERDIVURDERING AV MITT KULTURMINNE

Verdien av dei 51 kulturminna (Mitt kulturminne) er vurdert i tråd med Riksantikvaren si handbok for lokal registrering, der både kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi er vurdert. Verdivurderinga og vektinga er utført av arbeidsgruppa til kommunedelplanen for kulturminne.

*Kunnskapsverdien* omfattar kulturminnet sin opprinnelse og bruken og betydninga av dei. Her må ein vurdere kva type historie minnet kan belyse, slik som bygningshistorie, kunsthistorie, samfunnshistorie m.v. Det er vurdert om kulturminnet tilfører ny kunnskap, der slik kunnskap er mangefull.

*Opplevingsverdi* har meir personleg forankring og går på til dømes estetisk verdi, symbolverdi og kulturminnet som grunnlag for refleksjon eller undring.

*Bruksverdi* går på verdiskaping knytt til økonomi, kultur, sosialt eller miljømessig. Det kan dreie seg om formidlingsverdi eller pedagogisk verdi. Det er her vurdert om kulturminnet er ein ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.

*Totalverdien* av kulturminnet kjem fram av ei summering av kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi. I samtlege vurderingar har ein nytta ein firedelte skala frå liten til svært stor verdi:

L = Liten verdi

S = Stor verdi

M = Middels verdi

Sv = Svært stor verdi

Nr.	Namn	Vekting av verdiar	L	M	S	Sv
M1	Bautasteinen i Bø	Kunnskapsverdi: Stor Opplevingsverdi: Middels. Bruksverdi: Middels. Andre egenskaper: Svært stor. Alder og autentisitet.				
M2	Båtvaket i Lodalen	Kunnskapsverdi: Svært stor Opplevingsverdi: Svært stor. Bruksverdi: Svært stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Svært stor. Hendingar, naturkrefter.				
M3	Damps skipsnaustet på Eide i Olden	Kunnskapsverdi: Svært stor. Samferdselshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Identitet, tilhøyrigheit. Bruksverdi: Middels. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. Få eksemplar i regionen.				
M4	Den gamle setrevegen på Bergsida	Kunnskapsverdi: Middels. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Liten. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi Andre egenskaper: Liten. Stien er nesten borte				
M5	Den Trondheimske Postveg	Kunnskapsverdi: Stor. Opplevingsverdi: Stor. Estetikk og handverk. Bruksverdi: Svært stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. Alder og autentisitet.				
M6	Diplom datert 06.02.1331.	Kunnskapsverdi: Middels. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels. Symbolverdi. Bruksverdi: Stor. Museal verdi. Andre egenskaper: Middels. Originalen lagra Bergen Museum.				

M7	Erdal skule	Kunnskapsverdi: Stor. SEFRAK Klasse A. Opplevingsverdi: Stor. Godt bevart. Identitet. Bruksverdi: Svært stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Autentisitet.				
M8	Erdalstunet	Kunnskapsverdi: Svært stor. Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Stor verdi. Kollektivet. Bruksverdi: Stor. Tilgjengelelse, identitet. Andre egenskaper: Stor. Lesbarhet, tydelegheit.				
M9	Faleide Handelstad	Kunnskapsverdi: Stor. Næringshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Bruksverdi: Stor. Næringsverdi. Andre egenskaper: Stor. Relatert til Tr. postveg.				
M10	Filmteknisk museum i Innvik	Kunnskapsverdi: Middels. Opplevingsverdi: Liten. Bruksverdi: Liten. Andre egenskaper: Middels. Formidle historie.				
M11	Funn av 125 sølvpengar på Storesunde	Kunnskapsverdi: Liten. Opplevingsverdi: Stor. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Liten. Andre egenskaper: Stor. Myntene er sannsynlig yngre enn fra 1650.				
M12	Futebordet	Kunnskapsverdi: Middels. Sosialhistorie. Opplevingsverdi: Middels. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Middels. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. God lokalhistorie.				
M13	Gamal kvern	Kunnskapsverdi: Middels stor. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels stor. Handverksmessig. Bruksverdi: Liten. Mange av same type er bevart. Andre egenskaper: Liten. Flyttet fra elva.				
M14	Gamle bakkemurar på Aaning	Kunnskapsverdi: Liten. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels stor. Bruksverdi: Liten. Andre egenskaper: Liten. Svært mange eksempler i kommunen.				
M15	Gamlehuset på Vanberg	Kunnskapsverdi: Middels stor. Handverkshistorie. Opplevingsverdi: Middels stor. Estetisk verdi. Bruksverdi: Liten. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. Autentisitet.				
M16	Gamletunet i Sunndalen	Kunnskapsverdi: Stor. Materialhistorie. Opplevingsverdi: Stor. Estetisk verdi, undring. Bruksverdi: Stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Svært stor. Hendingar, naturkrefter.				
M17	Gjørvalaksegarden	Kunnskapsverdi: Svært stor. Næringshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi (intakt). Andre egenskaper: Stor. Autentisitet.				
M18	Hynnelsbrua og Vilkjekloppa	Kunnskapsverdi: Middels stor. Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Middels. Identitetsverdi. Bruksverdi: Stor. Tilgjengelelse, nytteverdi. Andre egenskaper: Middels. Autentisitet.				

M19	Jekteløken i Heststoda	Kunnskapsverdi: Stor. Næringshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Identitetsverdi. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Liten. Store endringar er gjort i nyare tid, som ikkje har teke omsyn til kulturminnet.				
M20	«Kasta til Skåra» - kasting med laksenot	Kunnskapsverdi: Middels stor. Forvaltningshistorie (notkast). Opplevingsverdi: Stor. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Interaksjon natur-kultur.				
M21	Krokodilla	Kunnskapsverdi: Middels stor. Miljøhistorie. Opplevingsverdi: Stor. Identitetsverdi, undring. Bruksverdi: Middels stor. Museal verdi. Andre egenskaper: Stor. Eksklusivitet/sjeldenheimhet.				
M22	Kvelvingsbru på Eide	Kunnskapsverdi: Svært stor. Handverkshistorie og samferdslehistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Arkitektonisk verdi, estetisk verdi og handverksmessig verdi. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi. Det er langt mellom kvelvingsbruene i regionen. Svært få har tre løp. Andre egenskaper: Svært stor. Autentisitet.				
M23	Kvennagrova på Bergsida	Kunnskapsverdi: Liten verdi. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Liten verdi. Ruiner i tett granskog. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Liten. Ruiner.				
M24	Kvernhus på Fosnes	Kunnskapsverdi: Liten. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Liten. Kvernhusuftene ligg bortgøymd i eit landskap langt vekk frå Fosdøla. Bruksverdi: Liten. Andre egenskaper: Liten. Ruin. Øydelagt miljø.				
M25	Kvie-Lars-Hellljaren	Kunnskapsverdi: Stor. Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Symbolverdi. Bruksverdi: Middels stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Viser kor ekstremt einskilde kunne leve.				
M26	Kvilkjekvilada	Kunnskapsverdi: Middels stor. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels stor. Handverksmessig verdi. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Antikvarisk restaurert.				
M27	Køyringehuset på Ulvedal	Kunnskapsverdi: Middels verdi. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels verdi. Handverksmessig. Bruksverdi: Middels stor. Økonomisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Del av eit større bygningsmiljø.				

M28	Kårstadbakken	Kunnskapsverdi: Middels. Miljøhistorie. Opplevingsverdi: Liten. Identitetsverdi. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Liten. Nedgrodd.				
M29	Lakseklekkeri på Stauri	Kunnskapsverdi: Middels. Næringshistorie. Opplevingsverdi: Liten. Symbolverdi. Bruksverdi: Middels. Andre egenskaper: Liten. Verdiskaping. Mange med tilsvarende kvaliteter.				
M30	Ledemurar i Fosdalen	Udokumentert og dermed ikke verdisatt.				
M31	Lundehella	Kunnskapsverdi: Middels. Samferdsle. Opplevingsverdi: Middels . Symbolverdi. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Middels. Lokalhistorie.				
M32	Lundesetra	Kunnskapsverdi: Stor verdi. Landbruks historie. Opplevingsverdi: Stor. Bruks- og alderspreg. Bruksverdi: Stor. Formidlingsverdi, nytteverdi. Andre egenskaper: Stor. Kyrkjeråsa går gjennom stølslandskapet.				
M33	Minnestein for rasulukka på Gjørven 1868	Kunnskapsverdi: Liten. Miljøhistorie. Opplevingsverdi: Middels. Undring/refleksjon. Bruksverdi: Liten verdi. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. Hending.				
M34	Nedrebergtunet	Kunnskapsverdi: Stor. Handverkshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Handverksmessig. Bruksverdi: Svært stor. Formidlingsverdi, tilgjengeleg. Andre egenskaper: Stor. Heilskapleg miljø				
M35	Olden gamle kyrkje	Kunnskapsverdi: Svært stor. Religionshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Estetisk verdi. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Svært stor. Listeført kyrkje.				
M36	Prestestabburet	Kunnskapsverdi: Stor. Religionshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Estetisk verdi. Bruksverdi: Svært stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Svært stor. Vedtaksfreda.				
M37	Raffelsteinen	Kunnskapsverdi: Stor. Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Symbolverdi. Bruksverdi: Stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Lokalhistorie.				
M38	Randasaga	Kunnskapsverdi: Middels stor. Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Liten verdi. Handverksmessig. Bruksverdi: Liten verdi. Ruin. Andre egenskaper: Stor. Lokalhistorie.				
M39	Revetelle på Dispens	Kunnskapsverdi: Middels. Utmarkshistorie Opplevingsverdi: Middels. Bruksverdi: Middels. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Middels. Interaksjon natur-kultur. Autentisitet.				

M40	Sagedammen	Kunnskapsverdi: Stor. Teknologihistorie (sag). Opplevingsverdi: Svært stor. Identitetsverdi. Bruksverdi: Stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Stor. Heilskapleg miljø.				
M41	Singerheimen	Kunnskapsverdi: Svært stor. Stilhistorie, kunsthistorie Opplevingsverdi: Svært stor. Kunstnerisk verdi. Bruksverdi: Svært stor. Formidlingsverdi, museal verdi. Andre egenskaper: Svært stor. Eksklusivitet. Lokalhistorie.				
M42	Slettelada på Garlid	Kunnskapsverdi: Liten (ruin). Utmarkshistorie. Opplevingsverdi: Liten. Handverksmessig verdi. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Stor. Materialbruk.				
M43	Smihelljaren	Kunnskapsverdi: Liten. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels. Identitetsverdi. Bruksverdi: Liten. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Liten. Redskapslager.				
M44	Solsteinen i Innvik	Kunnskapsverdi: Svært stor. Religionshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Svært stor. Museal verdi. Andre egenskaper: Stor. Autentisitet.				
M45	Tyske skytestillingar på Visnes	Kunnskapsverdi: Svært stor. Krigshistorie Opplevingsverdi: Svært stor. Symbolverdi. Bruksverdi: Svært stor. Pedagogisk og tilgjengeleg. Andre egenskaper: Stor. Del av større anlegg. Eitt av få krigsminne vi har igjen lokalt.				
M46	Ungdomsherberget	Kunnskapsverdi: Middels. Krigshistorie. Opplevingsverdi: Stor. Symbolverdi. Bruksverdi: Stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Middels. Få attverande.				
M47	Utidard Faleide	Kunnskapsverdi: Svært stor. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Handverksmessig. Bruksverdi: Svært stor. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Svært stor. Heilskapleg kulturlandskap.				
M48	Veten på Bergsida	Kunnskapsverdi: Middels stor. Ruin. Krigshistorie Opplevingsverdi: Liten verdi. Undring, refleksjon. Bruksverdi: Middels verdi. Pedagogisk verdi. Andre egenskaper: Liten. Manglande autentisitet.				
M49	Walhalla	Kunnskapsverdi: Svært stor. Næringshistorie. Opplevingsverdi: Svært stor. Symbolverdi. Alderspreg. Bruksverdi: Stor. Ressursverdi. Andre egenskaper: Svært stor. Heilskapleg miljø. Lokal kulturhistorie.				
M50	Ysteriet i Bødal	Kunnskapsverdi: Svært stor. Miljøhistorie. Opplevingsverdi: Stor. Undring, refleksjon.				

		Bruksverdi: Stor. Formidlingsverdi. Andre egenskaper: Svært stor. Hending. Sterke historier.				
M51	Øvre kulturløype på Rabben	Kunnskapsverdi: Middels. Landbrukshistorie. Opplevingsverdi: Middels. Symbolverdi. Bruksverdi: Stor. God tilrettelegging. Andre egenskaper: Stor. Omfattar mange kulturminne.				



Foto: Odd Rønningen.

*Mitt kulturminne (M22) Kvelvingsbru på Eide er verdivurdert som **svært stor verdi**.*

## 4.5. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Automatisk freding inneber at kulturminnet er freda direkte etter teksten i kulturminnelova, utan særskilt vedtak. Alle kulturminne som er frå før år 1537, til dømes bygningar, buplassar, vegfar, bautastader, gravhaugar m.m., er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 fyrste lekk. Ved fagleg datering (erklæring) om at ståande byggverk stammar frå perioden 1537 – 1649, vert desse også automatisk freda etter kulturminnelova § 4 tredje lekk.

Automatisk freda kulturminne har ei sikringssone på 5 meter rundt det freda objektet dersom ikkje anna er vedteke, jf. kulturminnelova § 6.

På databasen Kulturminnesøk er det pr. dags dato registrert 146 arkeologiske kulturminne i Stryn kommune. 109 av dei er automatisk freda. Nokre av dei er utgravne, frigjevne og fjerna etter reglar gjevne i kulturminnelova. Dei arkeologiske kulturminna som vert funne seier mykje om det samfunnet vi har hatt.

Type	Tal	Type	Tal	Type	Tal
Gravminne og gravfelt	45	Fangstlokalitet	4	Seter/støl	2
Utmarkskulturminne	31	Kolframstillingsanlegg	3	Båtstøanlegg	1
Busetjing, Aktivitetsområde	26	Rituell-kultisk lokalitet	3	Bergkunst	1
Bautastein	4	Skipsfunn	2		

Følgjande kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 er automatisk freda:

- Eide kyrkjestad i Nedstryn
- Nesje kyrkjestad i Oppstryn (nedlagt kyrkjestad)
- Loen kyrkjestad
- Olden kyrkjestad
- Hilde kyrkjestad i Innvik (nedlagt kyrkjestad)
- Skåden St. Lavrans kyrkjestad i Innvik (nedlagt kyrkjestad)
- Verlo kyrkjestad i Utvik

Dei registrerte automatiske freda kulturminna er merka med rune-R på grunnkartet. I tillegg ligg desse inne i Kulturminnesøk. Nokre av dei er også bandlagt i kommuneplanen sin arealdel, jf. kap.4.10 Kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel.



Foto: Odd Rønningen.

*Utgravingar av automatisk freda, arkeologisk kulturminne; Båtstøanlegg frå eldre jernalder som ligg i Bø, aust for Stryn sentrum mellom Rv 15 og Stryneelva. Naustet målte 26 x 12 meter og var orientert nordaust – sørvest.*

## **4.6. FORSKRIFTSFREDA BYGG OG ANLEGG**

Ein landsverneplan er ei oversikt over verneverdige eigedommar og ei historisk oversikt over ein offentleg sektor. Utvalet skal vere kartlagt og vald ut av sektoren/eigedomsforvaltaren i samråd med Riksantikvaren.

Landsverneplanane skal danne grunnlag for eventuell forskriftsfreding i medhald av kulturminnelova. Det er byggverk og anlegg i statleg eige (kulturminnelova § 22a) og kulturmiljø (kulturminnelova § 20) som kan fredast ved forskrift.

Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne viser eit prioritert utval av vegminner. Følgjande objekt i Stryn er omfatta av planen:

### **DEN TRONDHJEMSKE POSTVEG (F1)**

Den Trondhjemske Postveg går mellom Bergen og Trondheim.

Vegen er bevart i lange samanhengande strekningar gjennom fleire fylke. Heile vegstrekninga er viktig å ta vare på, men i Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne er det teke med berre mindre parsellar som representantar for denne vegen. Sjølv om desse ikkje ligg i Stryn, er det viktig å ta vare på den Trondhjemske Postveg også i vår kommune som eit kulturminne, men også ut ifrå vegen sin verdi i høve friluftslivet.

Den Trondhjemske postvegen i Stryn kryssar Utvikfjellet vest for Karistova og går meir eller mindre rett ned til Utvik kai. Postvegen kryssar Faleidfjorden over til Faleide. Her går den vidare opp over Langesethøgda til Markane og vidare mot Kjøs.

Den Trondhjemske Postveg er eitt av Mitt kulturminne (M5).

### **STRYNEFJELLET VEGMILJØ (F2)**

Vegane går over Strynefjellet. Den eldste vegstrekninga, gamle Strynefjellsvegen som sto ferdig i 1895, går frå Skåre i Stryn til Grotli i Skjåk. Den nyaste vegen byrjar ved Skåre bru, går gjennom tunnelane og langs Breidalsvatnet til Grotli.

Vegmiljøet syner to generasjonar vegar over høgfjellet med svært ulik vegbyggingsteknikk, lineføring og vegstandard. Gamle Strynefjellsvegen har tørrmurar, ein felts breidde og sikring med stabbesteinlar. Dette er ei av få strekningar i Noreg som skal ha grusdekke også i framtida. Den nye vegen frå 1977 skulle sikre open vinterveg, og Strynefjellsvegen viser et eksempel der vegen er lagt opp frå sideareala for at snøen skal kunne blåse bort.

## **4.7. VEDTAKSFREDA BYGNINGAR OG OMRÅDE**

Freding er det sterkeste juridiske virkemiddelet i kulturminnevernet. Når eit byggverk eller et miljø fredast, er det fordi det har betydning for hele nasjonen, og fordi det har unike kvalitetar som må sikrast ein føreseileg framtid.

Vedtak om freding av byggverk fattast av Riksantikvaren med heimel i kulturminneloven. Dei fleste fredingssakene etter kulturminnelova §§ 15 (bygningar) og 19 (område) er førebudd av fylkeskommunen. Endringar på freda bygningar krev godkjenning frå kulturminnemyndigheita, men kan få dekka antikvariske meirutgifter ved rehabilitering, heilt eller delvis.

I Stryn kommune er det to objekt som er freda:

### **TINGVOLL (V1)**

Føremålet med fredinga av Tingvoll er å bevare den karakteristiske hovudbygningen og sidebygningen samt nyttehagen rundt. Tingvoll er eit kulturhistorisk og arkitekturhistorisk viktig døme på ein bygning frå norsk rettshistorie, og eit døme på vestlandsk byggeskikk i brytinga med jugend og klassisisme i mellomkrigsåra.

Bygningane og eigedomen fortel historie som er knytt til utviklinga av den norske rettsstaten, og etter tradisjonen har Tingvoll røter attende til jarnalderen som tingplass. Lensmannsgarden Tingvoll vart bygt i 1932 og var den siste i ei rekke av lensmannsgardar i Stryn. Bruken som lensmannsgard vara fram til 1960. I likskap med andre lensmannsgardar var han både bustad og kontor med arrest.

### **STABBUR PÅ INNVIK PRESTEGARD (V2)**

Det freda stabburet på Innvik prestegard er ei brei og låg einhøgda lafta bygning kledd utvendig med liggande panel og tekt med tegl. Huset skal vere frå 1500-talet, men skal ha fått si noverande form etter ei ombygging rundt 1740. Innvendig har huset rik malingsdekor, og skal tidlegare ha vore brukt som bustad for biskopen når han var på besøk.

Det freda stabburet er også Mitt kulturminne (M36).

## **4.8. LISTEFØRTE KYRKJER**

Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeførte, i tillegg til ein del kyrkjer bygd etter 1850. At ei kyrkje er listeført betyr at den er definert som verneverdig og har nasjonal verdi.

Dei listeførte kyrkjene skal handsamast i tråd med Kirkerundskrivet frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljødepartementet. Saker som gjeld endringar i og ved dei listeførte kyrkjene og istandsetjing- og vedlikehaldstiltak skal sendast Riksantikvaren for uttale. Nye tiltak i nærliken av dei skal handsamast av fylkeskommunen.

Det er 9 kyrkjer i Stryn kommune, 7 av desse er listeførte:

### **NEDSTRYN KYRKJE (L1)**

Nedstryn kyrkje ligg i Strynedalen aust for Stryn sentrum, er bygd i tre og blei oppførd i 1859. Kyrkja har vernestatus listeført. Kyrkja har langplan og 400 sitjeplassar.

### **OPPSTRYN KYRKJE (L2)**

Oppstryn kyrkje ligg på Fosnes, er bygd i tre og blei oppførd i 1863. Kyrkja har vernestatus listeført. Kyrkja har langplan.

### **LOEN KYRKJE (L3)**

Loen kyrkje står på eit høgdedrag ovanfor Loen sentrum, er bygd i tre og oppførd i 1837. Kyrkja er automatisk listeført. Kyrkja har åttekantplan og 190 sitjeplassar.

### **OLDEN GAMLE KYRKJE (L4)**

Olden gamle kyrkje står i Olden sentrum, er bygd i tre og oppførd i 1759. Kyrkja er automatisk listeført. Kyrkja har korsplan og 250 sitjeplassar. Kyrkja er eitt av Mitt kulturminne (M35).

### **OLDEN KYRKJE (L5)**

Olden nye kyrkje ligg på Brynestad, er bygd i tre og blei oppførd i 1934. Kyrkja har vernestatus listeført. Kyrkja har langplan med basilikaform (taket over midtskipet er høgare enn over sideskipa) og 500 sitjeplassar.

### **INNVIK KYRKJE (L6)**

Innvik kyrkje ligg i Innvik sentrum, er bygd i tre og blei oppførd i 1822. Kyrkja er automatisk listeført. Kyrkja har åttekantplan.

### **UTVIK KYRKJE (L7)**

Utvik kyrkje ligg i Utvik sentrum, er bygd i tre og blei oppførd i 1840. Kyrkja er automatisk listeført. Kyrkja har langplan.

## **4.9. SEFRAK**

SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. SEFRAK-registreringa vart gjennomført i åra 1975-1995. Bygningar bygde før 1900 vart registrerte over heile landet, med unntak frå i Finnmark der bygg før 1945 vart registrerte. Kulturminna vart kartfesta, oppmålt og fotografert.

Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerar meir som eit varsjo om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt blir gitt løyve til å endre, flytte eller rive bygninga. Ein del av desse er bygningane eldre enn år 1850, og er i følgje kulturminnelova § 25 *meldepliktige* ved riving/ombygging. Her står det at ei vurdering av verneverdien MÅ gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent.

I Stryn vart det registrert i alt 2021 bygningar og restar etter bygningar. Registreringa vart gjennomført i tidsrommet 1992-1994.

Dei SEFRAK-registrerte bygningane er i Stryn omfatta av kommunedelplanen for bygningsvern frå 2000. I samband med denne planen blei det føretatt ei vurdering av verneverdien av bygningane. Verneverdien vart sett ut ifår ein del kriterie, og uttrykt ved hjelp av bokstavkoder A, B og C, der A er høgast verdi og C er lågast verdi.

I kommunedelplanen for bygningsvern har følgjande enkeltbygningar verneklasser A:

- Stabbur på Guddal (gnr.14 bnr.5)
- Sel på Storesetra, Erdal (gnr.21 bnr.2)
- Nystove på Øvste Rygg, Erdal (gnr.22 bnr.2)
- Skulestove Erdal (gnr.22 bnr.6)
- Kvernhus på Nesje (gnr.31 bnr.4)
- Museum/atelier Singerheimen (gnr.86 bnr.27)
- Hjulhus på Eide, Olden (gnr.91 bnr.4, 5)
- Stabbur i Loen (gnr.70 bnr.14)

- Stove i Loen (gnr.70 bnr.14)
- Stove i Hildastranda, Innnvik (gnr.122 bnr.1-9)
- Stabbur på Hilde, Innnvik (gnr.122 bnr.5)
- Stabbur på Hilde, Innnvik (gnr.122 bnr.3)
- Stabbur på Hilde, Innnvik (gnr.122 bnr.6)
- Prestebustad, Innnvik Prestegard (gnr.126 bnr.1)
- Innnvik Ullvarefabrikk (gnr.127 bnr.5)
- Vetestova på Ulvedal (gnr.131 bnr.1)
- Baggeholha på Ulvedal (gnr.131 bnr.1)
- Naust på Steinsaker, Blakset (gnr.137 bnr. 4, 5)
- Kvernhus på Dokset, Blakset (gnr.139 bnr.2, 3)
- Pakkbud på Faleide (gnr.150 bnr.9, 11)
- Naust på Innigard, Faleide (gnr.150 bnr.18)
- Smie på Hammer, Utvik (gnr.152 bnr.3)
- Tiendebua i Utvik (gnr.158 bnr.13)
- Kvernhus Bruland, Utvik (gnr.160 bnr.6)
- Skulestove på Rand, Hopland (gnr.165 bnr.5)
- Masstove på Tvinnereim, Hopland (gnr.170 bnr.4)
- Nystove på Jevnlid, Fjelli (gnr.174 bnr.1)
- Utløe på Jevnlid, Fjelli (gnr.174 bnr.1)
- Kvernhus på Jevnlid, Fjelli (gnr.174 bnr.4)

I Kartverket sitt egedomsregister Matrikkelen kan ein finne opplysningar om SEFRAK-bygningane, og innsynsløysinga Se eiendom er åpen for alle. Ein kan også finne opplysningar om SEFRAK-bygg på nettsidene Miljøstatus, på Kulturminnesøk og på fylkesatlas.no.

Det er behov for å revidere kommunedelplanen for bygningsvern. Revisjonen bør mellom anna omfatte ein gjennomgang av samtlege bygningar, slik at bygningane får ei oppdatert verdivurdering. Dette vil føre til at dei som er ruinar i dag blir teke ut av planen.

I tillegg til verneverdien på enkeltbygningar omfatta også kommunedelplan for bygningsvern ei vurdering av om dei var ein del av eit bygningsmiljø. Desse er vidareført i kommuneplanen sin arealdel, anten som viktige bygningsmiljø, viktige kulturlandskap eller som omsynssone bevaring kulturmiljø, jf. kap. 4.10 Kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen. Det er i tillegg sett omsynssone på nokre av dei SEFRAK-registrerte bygningane.

I kommunedelplan for bygningsvern har følgjande bygningsmiljø verneklasser A:

- Tettstadmiljø på Visnes
- Gardstunet Sigdestad i Oppstryn
- Gardstunet Aaning i Oppstryn
- Gardstunet Vik
- Tettstadmiljø Walhalla og Perhustunet
- Gardstunet Reme i Innnvik
- Gardstunet Stensaker på Blakset
- Tettstadmiljø Utvik
- Gardstunet Isakbruket på Gald, Nordsida
- Gardstunet Ytre Lunde
- Gardstunet Nedreberg, Bergsida
- Gardstunet Auflem, Muristranda
- Gardstunet Utigard, Faleide

## **4.10. KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL**

Medan freding eller vern etter kulturminnelova i fyrste rekke blir brukt for å sikre kulturminne eller - miljø som er av vesentleg nasjonal verdi, kan bevaring etter plan- og bygningslova brukast for å verne objekt og område som er verdfulle i eit lokalt og regionalt perspektiv.

Plan- og bygningslova er kommunen sitt viktigaste verktøy for å kunne ta vare på kulturminne og kulturmiljø. I kommuneplanen sin arealdel er det fleire type kulturminne som har fått særleg fokus. Nokre av desse er også omfatta av reguleringsplanar.

### **BANDLAGDE OMRÅDE**

Ein del av dei kulturminna og kulturmiljøa som har eit vern i høve kulturminnelova er også bandlagde i kommuneplanen sin arealdel. Dei er då bandlagd etter anna lovverk enn plan- og bygningslova, her kulturminnelova, eller mellombels bandlagd med tanke på at det skal fredast, vernast eller omfattast av ein reguleringsplan.

Følgjande kulturminne er bandlagde i kommuneplanen sin arealdel:

- Sagedammen (B1) + Mitt kulturminne M40
- Kvernhusdalen, Ulvedal (B2)
- Tingvoll (B3)
- Nedstryn kyrkjegard (den eldste delen) (B4)
- Fornminner Lunde, Strynedalen (B5)
- Segestad (B6)
- Vikingtidsfunnet på Hjelle (B7)
- Loen kyrkje og kyrkjegard (den eldste delen) (B8)
- Olden gamle kyrkje (B9) + M35
- Olden kyrkje (B10)
- Kvernhusmiljø Kvamme, Oldedalen (B11)
- Hildanausta (B12)
- Minde, Innvik (B13)
- Innvik gamle Prestegard (B14)
- Innvik gamle Ullvarefabrikk (B15)
- Likstøda, ved Utvik kyrkje (B16)
- Tiendebuda, Utvik (B17)
- Utvik gamle brygge (B18)

### **SEGESTAD (B6) - TUSENÅRSMINNET**

I tillegg til at Segestad er bandlagd i kommuneplanen er garden også peika ut som vårt kulturminne nr. 1 i Stryn kommune. Segestad blei stemt fram som 1000-årsminnet i kommunen ved århundreskiftet i samband med det nasjonale kulturminneåret i 1997.

Garden Segestad, eller Sigdestad som det óg heiter, ligg på ei fjellhylle i Glomsdalen med eit bratt stup på 300 meter ned til Oppstrynsvatnet. Segestad er eit viktig turmål om sommaren. Garden er i dag under restaurering av stiftinga «Segestads vene», jf. kap. 3.2.

Namnet Sigdestad var i gammal tid kalla Sigvaldstadir, og er eit namn frå vikingtida, gjerne frå år 800 -1000 e.Kr. Historisk museum i Bergen hadde i 1985 arkeologiske undersøkingar i Glomsdalen, der dei fann fleire tufter heilt tilbake til 1500 -500 f.Kr.

### **INNVIK GAMLE ULLVAREFABRIKK (B15) - INDUSTRIELT KULTURMINNE**

Innvik Ullvarefabrikk skal vere den største fabrikksbygningen av tre i Norden og mellom dei største i Europa. Dette er såleis eit viktig industrielt kulturminne også nasjonalt, sjølv om det ikkje har noko formell status i høve kulturminneforvaltninga.

Indvikens Uldvarefabrikk vart skipa i 1890. Rundt 1900 blei fabrikken utvida og dei fyrste vevstolane blei teke i bruk. Namnet blei då endra til Indvikens Uldvarefabrik. Ull blei no ikkje lengre berre foredra til garn, men óg til tøy og tepper. Frå 1960-årene blei det i tillegg produsert møbeltekstiler.

## **VIKTIGE KULTURLANDSKAP**

I kommuneplanen sin arealDEL frå 2006 er viktige kulturlandskap merka med KL (viktige kulturlandskap). I høve ny plan- og bygningslov skal omsynssone bevaring kulturmiljø nyttast i kommuneplanen sin arealDEL. Dette er gjort på dei nyare kommunedelplanane.

Viktige kulturlandskap i kommuneplanen sin arealDEL:

- Nykvia og Hogjen (KL1)
- Tvinnereim (KL2)
- Tvinnekråa (KL3)
- Skora, Fjelli (KL4)
- Den Trondhjemske postveg skaffarbustaden og landgangbrygga (KL5) + M5
- Utigard Faleide (KL6) + M47
- Kulturlandskap Langeset (KL7)
- Kyrkjeråsa på Tverrfjellet (KL8)
- Ingebrigten (KL9)
- Vik (KL10)
- Tonning (KL11)
- Båtstøanlegg frå eldre jernalder og bautasteinen i Bø (KL12) + M1
- Nedstryn kyrkje (KL13)
- Haugane, Hjelledalen (KL14)
- Gamle Strynefjellsvegen (KL15)
- Kvernhusmiljø Berge/Rygg (KL16)
- Gamle tyskerstillingar Visnes (KL17) + M45
- Breng (KL18)
- Laukifossen (KL19)
- Yri (KL20)

### **UTIGARD FALEIDE (KL6) - NASJONALT VIKTIG KULTURLANDSKAP**

Utigard er eit nasjonalt viktig kulturlandskap. Området ligg på nordsida av Nordfjorden, og er eit døme på fjordkulturlandskapet. Garden er representativ for tradisjonelle gardsbruk i indre Nordfjord.

Hovudgrunnen til at området er prioritert som nasjonalt viktig er det varierte og mosaikkprega kulturlandskapet med verdifullt bygningsmiljø, tekniske anlegg, og ulike kulturmarkstyper som slatteenger, hagemark og styvingstre samt eit variert innhald av ulike pryd- og nyttevekstar.

Gardsbruket med innmark har omsynssone bevaring kulturmiljø i kommuneplanen sin arealDEL. Vedlikehald av garden har mellom anna vore støtta av SMIL-midlar.

## **VIKTIGE BYGNINGSMILJØ**

I kommuneplanen sin arealDEL frå 2006 er viktige bygningsmiljø merka med BY (viktige bygningsmiljø). I høve ny plan- og bygningslov skal omsynssone bevaring kulturmiljø nyttast i kommuneplanen sin arealDEL. Dette er gjort på dei nyare kommunedelplanane.

Viktige bygningsmiljø i kommuneplanen sin arealDEL:

- Isakbruket, Gald (BY1)
- Steinsåker (BY2)
- Pakkbuda, Faleide (BY3)
- Gamalt naust, Faleide (BY4)
- Nedrebergtunet (BY5) + M34
- Vik (BY6)
- Gardstun i Bø (BY7)
- Walhalla, Perhustunet, gamlebru og Bruagrenda (BY8) +M49
- Pakkbuda, Fosnes (BY9)
- Gardstun Aaning (BY10)
- Visnes hotell, Villa Visnes og doktorbustaden (BY11)
- Smiemyra, Avlein (BY12)
- Kvia (BY13)
- Mølla (BY14)
- Singerheimen (BY15) + M41
- Reme (BY16)
- Gardstun Li, Innvik (BY17)
- Sølvbergbuda, Utvik (BY18)

## VIKTIGE STØLSOMRÅDE

I kommuneplanen sin arealdel er gamle, særmerkte stølsområde utan større tekniske inngrep avmerkte som viktige kulturlandskap. Desse stølsområda er merka med ein S i kommuneplanen sin arealdel frå 2006. I ny plan- og bygningslov skal omsynssone bevaring kulturmiljø nyttast i kommuneplanen sin arealdel. Dette er gjort på dei nyare kommunedelplanane.



Foto: Odd Rønning.

Biletet viser Hoplandstøylen (Innitunstøylen), plassert på eit høgdedrag i tunform, som ein hestesko. Dette er ein litt uvanleg byggemåte for eit stølstun i vår kommune.

Stølsområde med stor bevaringsverdi i kommuneplanen sin arealdel:

- Hoplandstøylen (Utitunstøylen) (S1)
- Hoplandstøylen (Innitunstøylen) (S2)
- Ålandsstøylen (S3)
- Randastøylen (S4)
- Indre Sølvbergstøylen (S5)
- Ulvedalsstøylen (S6)
- Faleidstøylen (S7)
- Maursetsætra (S8)
- Grendasætra (S9)
- Svarstadstøylen (S10)
- Holesætra (S11)
- Lundesætra (S12) + M32
- Øvrebergssætra (S13)
- Vinsryggsætra (S14)
- Tonningssætra (S15)
- Tonningnedsetra (S16)
- Vikanedsetra (S17)
- Bøasætra (S18)
- Ytreeidssætra (S19)
- Skorsætra (S20)
- Furesætra (S21)
- Nos (Bolstadsætra) (S22)
- Sunndalssætra (S23)
- Storesætra (Erdalsætra) (S24)
- Vesledalssetra (S25)
- Lundesætra (Stauri) (S26)
- Sætresætra (S27)
- Raksaætra (S28)
- Bødalssætra (S29)
- Ruteflotsætra (S30)
- Sundssetra (Olden) (S31)
- Kvamssætra (S32)
- Høgalmesetra (S33)
- Rustøysetra (S34)
- Indre Yrisetra (S35)
- Ytre Yrisetra (S36)
- Laukisætra (S37)
- Agjeldssætra (S38)
- Holhøgesætra (S39)
- Frøholmsstøylen (S40)
- Remestøylen (S41)
- Lyslostøylen (S42)
- Lyslostøylen (S43)
- Heggdalsstøylen (S44)
- Verlostøylen (S45)
- Valåkerstøylen (S46)
- Brulandsstøylen (S47)
- Juvsstøylen (S48)
- Frøysetstøylen (S49)
- Tisthammarstøylen (S50)
- Moldreimsstøylen (S51)

For at verdiane ved desse stølsområda skal vidareførast er det sett ein del retningsliner i høve restaurering/nybygging. Retningslinene gjeld for eit definert område kring stølen og omfattar reglar for bygging av veg, kvar det kan byggjast, kva for bygningar som kan oppførast og byggjemåte.

Nokre av stølane har mist sin bevaringsverdi, til dømes grunna opparbeiding av veg. Det er difor behov for at ein tek ei ny vurdering av stølane. Dette arbeidet bør takast samstundes for alle stølane, alternativt i samband med revisjon av dei einskilde kommunedelplanane.

#### **STORESÆTRA (ERDALSÆTRA) (S24) - PRIORITERT KULTURLANDSKAPSOMRÅDE**

I 1993 vart 17 typeområde av kulturlandskap kartlagde i Stryn kommune. Eitt av dei var Storesætra i Erdalen. Storesætra er også omtala i tilsvarende kartlegging for heile fylket som eit av 50 prioriterte landskap. Storesætra ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark og skjøtselen av setreområdet er styrt av verneregler for nasjonalparken. Ein bygning, eit steinsel, er vurdert med verneklasse A i bygningsvernplanen for Stryn kommune.

#### **VIKTIGE NAUSTOMRÅDE**

Arealdelen viser viktige naustmiljø langs fjorden og eit større tal naust langs innlandsvassdrag som er rekna som gamle og særprega. Desse naustområda er merka med ein N i kommuneplanen sin arealdel frå 2006. I høve ny plan- og bygningslov skal omsynssone bevaring kulturmiljø nyttast i kommuneplanen sin arealdel. Dette er gjort på dei nyare kommunedelplanane.

Retningsliner for nausta er følgjande: Ein skal legge vinn på å ta vare på dei gamle naustmiljøa langs fjorden. Nye naust som skal byggast bør nytte gamle nausttomter dersom slike finns. Dei bør få tilsvarende storleik som eksisterande naust, same takvinkel og ein bør nytte nokolunde same byggestil og materialval som for eksisterande naust.

Verdifulle naustområde i kommuneplanen sin arealdel:

- Kårstadnausta (N1)
- Sølvbergnausta (N2)
- Bergsetnausta (N3)
- Rosetnausta (N4)
- Øyestadnausta (N5)
- Blaksetnausta (N6)
- Naustmiljø Faleide (N7)
- Jekteløken og naustmiljø i Hestøda (N8) + M19
- Naustmiljø Stryn sentrum (N9)
- Furenausta (N10)
- Oppigardsnausta (N11)
- Brekkenausta (N12)
- Naust på Eide (N13/M3)
- Agjeldnausta (N14)
- Moldreimnausta (N15)



Sølvbergnausta 2016. Foto: Odd Rønningen.

## 4.11. ANDRE VIKTIGE KULTURMINNE

### HERADSHEIM



Heradsheim

Foto: Odd Rønningen.

Heradsheim vart bygd som kommunehus under krigen.


Bygget har behalde sin opprinnelige farge og den utvendige arkitekturen, og framstår som eit signalbygg i Stryn sentrum.

Arealføremålet er offentleg eller privat tenesteyting.

### SKÅLATÅRNET

Eitt av dei mest spesielle kulturminna vi har i vår kommune er Skålatåret, som står på toppen av fjellet Skåla i Loen, 1843 moh. Skålatåret vart reist på dugnad i 1891, etter ide av Hans Henrik Gerhard Klouman i Innvik, og vert også omtala som Kloumanstårnet. Historia seier at tårnet skulle nyttast til å lege folk med tuberkolose.

I dag er hytta driven av DNT, Bergen og Hordaland turlag. Tårnet har fleire gonger gjennomgått vedlikehald og renovering. I 2016 starta arbeidet med å bygge sikringshytte, kombinert med toalett og vertskapsovernattning.



Skålatåret

Foto: Odd Rønningen.

### HISTORISKE VANDRERUTER

Målet med prosjektet «Historiske vandreruter» er å auke kjennskap til og bruk av gamle ferdselsruter med kulturhistorisk verdi og friluftslivskvaliteter. Den Norske Turistforening (DNT) og Riksantikvaren står bak prosjektet i samarbeid med lokale krefter. I Friluftslivets år i 2015 vart sju historiske vandreruter opna. Ei av desse ligg delvis i Stryn kommune:

Ferdselsvegen over Kamperhamrane er ein av dei eldste ferdselsvegane over fjellet mellom Aust- og Vest - Noreg. Ruta går frå garden Sunndalen i Oppstryn, aust over fjellet og gjennom Raudalen til Skjåk i Ottadalen. Ruta går over det bratte fjellpartiet Kamperhamrane, der stien er oppmura i trappetrinn ved hjelp av naturstein. Stien over Kamperhamrane stod ferdig restaurert i 2014.

Historiske Vandreruter Kamperhamrane har hatt fokus på desse kulturminna:

Kulturminne	ID i kulturminnesøk
Sunndalen gard (også Mitt Kulturminne M16)	1004578
Pine-Guri steinen	1004570
Sundalsetra	1004567
Steintroppene i Kamperhamrane (3000 trinn)	1004560
Store-Rasmus (varde)	1004558
Buestille (fangsinnretning)	1004575

Det er også andre historiske vandreruter i kommunen, men som ikke er omfatta av dette prosjektet. Dette gjeld mellom anna Flofjellsvegen og Oldeskaret.

### **IMMATERIELLE KULTURMINNE - STADNAMNREGISTERET**

Gamle stadnamn er kulturminne utifrå at namnsettinga bygger på ei bakanforliggende historie om staden. Fylkesarkivet for Sogn og Fjordane har samla 13843 namn i Stryn kommune. Men potensialet er mykje større fordi namneregistreringa er svært ujamt utført. Til dømes finns det svært få stadnamn kring Stryn sentrum i registeret.

Ved søker i registeret får ein geografisk plassering på stadnamnet med stor nøyaktigheit, og ein kan avgrense søker i høve type natur og type kultukategori (aktivitet).

Eit praktisk døme på bruk av registeret: Har du tenkt å prøve fellefangst på rev og mår må du setje fellene ved «Foldesteinen», «Gildrehammaren» eller «Trippet». Skal du prøve deg fram på eiga hand kan det ta mange år før du får fangst.

## **5. HANDLINGSDELEN**

### **5.1. INNSATSOMRÅDE BEVARING**

#### **VEDLIKEHALD, BEVARING OG KONSERVERING**

Naturleg elde, klimapåvirking eller brann fører mange kulturminne ut i ein situasjon der dei kan gå til grunne som fysiske element. For å unngå eit fysisk endeligt er vedlikehald naudsynt. Når vedlikehald skjer, kan det skje med arbeidsteknikkar og med eit tilsikta mål om å konservere kulturminnet (antikvariske prinsipp) til den tidsepoken kulturminnet stammar frå. Eller det kan endrast, i ekstreme tilfelle såpass mykje at kulturminneverdien blir vekke.

Ein kan søkje til dømes Kulturminnefondet om midlar til konserverande vedlikehald eller restaurering. Sjansane for å få midlar frå dette fondet vil auke dersom kommunedelplan for kulturminne omfattar minnet, og har prioritert det som bevaringsverdig.

#### **TILSKOTSORDNINGAR**

##### **Kulturminnefondet**

Kulturminnefondet er ei tilskotsordning for bevaring av kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminnefondet støttar tiltak på alle typar faste kulturminne, som for eksempel buplassar, hus og bygningar, båtar og fartøy, hageanlegg og bevaring av kulturlandskap. Kulturminne kan vere frå både fjern og nær fortid.

I søknaden må søker gjere greie for korleis det kulturminnefaglege innhaldet i prosjektet er sikra gjennom bruk av handverkarar og eventuelle rådgjevarar med særskilt kompetanse. Ein må også ha byggeløyve/dispensasjon frå kommunen dersom tiltaket er søknadspliktig.

Søknadsfristen er 1.november.

##### **Fylkeskommunale midler**

Fylkeskommunen administrerer fleire tilskotsordningar retta mot bevaring av kulturminne;

- Tilskot til kulturbygg (<http://www.sj.no/kulturbygg.340493.nn.html>)
- Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap (<http://www.sj.no/freda-bygg.363413.nn.html>)
- Infrastrukturmidler til reiseliv (<http://www.sj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>)

##### **SMIL-midlar**

SMIL-midlar er ei tilskotsordning til spesielle milj øtiltak i jordbruket. Tiltaksstrategien for kvar kommune seier noko om korleis midlane kan brukast, innafor råmene som forskriftera set. Formålet er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap, og redusere ureininga frå jordbruket. Det kan gjevast tilskot til tiltak på landbrukseigedomar.

I Stryn vert mellom anna bygningar som er omfatta av kommunedelplan for bygningsvern prioriterte. Det er her ein søknadsomgang pr. år.

### **Andre tilskotsordningar**

Det finnst også andre tilskotsordningar som kan nyttast til kulturminne, til dømes:

- Gjensidigestifta (<http://www.gjensidigestiftelsen.no/>)
- Stiftelsen Uni (<http://www.stiftelsen-uni.no>)
- Eckbos legat (<http://www.eckbos-legat.no>)
- Fortidsminneforeningen sitt prosjekt Kulturminne for alle (<http://fortidsminneforeningen.no/kulturminner-for-alle>)
- Norsk kulturarv, Ta et tak (<http://kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-aksjonen>)
- Sparebanken Sogn og Fjordane, og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (<http://meirennbank.no/>)

### **Kommunalt kulturminnefond**

Det finns i dag to bundne driftsfond for kulturminnevern i kommunen. Det gjeld 25120701

Kulturminne: Bødal Meieri (kr 2 000) og 25120702 Postvegen (kr 10 781). Desse fonda skal leggast ned og erstattast av eit lokalt kulturminnefond for Stryn kommune, som skal delfinansiere tiltak for å sikre kulturminne. Startkapitalen i fondet vert dei to driftsfonda, i tillegg til overskotet med tilførte midler til utarbeiding av kulturminneplanen. Både Bødal Meieri og Postvegen skal sikrast tilskot til tiltak i ein storleik over det bundne driftsfondet.

## **5.2. INNSATSOMRÅDE FORVALTNING**

### **SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Kommunedelplan for kulturminne legg opp til at dei områda som er bandlagt i kommuneplanen sin arealdel i medhald av kulturminnelova skal vidareførast, jf. kap. 4.10. I samband med revisjon av kommunedelplanane vil ein for dei områda som er bandlagt med tanke på framtidig regulering vurdere om ein i staden skal nytte omsynssone Bevaring kulturmiljø.

Kommunedelplan for kulturminne legg også opp til at dei områda som er peika ut som viktige kulturlandskap, bygningsmiljø, stølsområde og naustmiljø i kommuneplanen sin arealdel blir vidareført med omsynssone Bevaring kulturmiljø. Føresegn og retningsliner er tilpassa dei ulike miljøa.

Det er behov for å vurdere om dei einiske områda framleis skal ha omsynssone Bevaring kulturmiljø, og om det er andre område i tillegg. Denne vurderinga er naudsynt særleg for støylane, der det er gjennomført ein del endringar både på landskapet og bygningane.

Med bakgrunn i kommunedelplan for kulturminne vil ein ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel vurdere om nokre av dei kulturminna som er spelt inn som Mitt kulturminne skal få omsynssone Bevaring kulturmiljø.

I framlegg til kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde har følgjande kulturminne fått omsynssone: Gjørvalaksegarden (M17), Kasta på Skora (M20), Krokodilla (M21) Laksekrekkeri på Stauri (M29), Lundehella (M31) og Veten på Bergsida (M48). I føresegna står det mellom anna at desse skal beskyttast mot tiltak som tek vekk kulturminneverdien.

Avdeling for byggesak og regulering skal i si sakshandsaming ta omsyn til dei kulturminna som ligg i overordna planar.

## **REVISJON AV KOMMUNEDELPLAN FOR BYGNINGSVERN**

Det er behov for at kommunen gjennomfører ein revisjon av kommunedelplan for bygningsvern (omfattar SEFRAK-registrerte bygningar). Revisjonen bør ha følgjande element:

- Alle bygningar som er falle vekk (ruinar) etter siste gjennomgang skal registrerast.
- Bygningsvernplanen skal utvidast til å gjelde alle bygningar til og med 1920 (no 1900).
- Alle bygningar skal gjennomgå ein ny verdivurdering

## **STATLEG SIKRING SOM FRILUFTSLIVSOMRÅDE FOR ÅLMENTA**

Gjennom statleg sikring av sti- og løypenettet Tonningleirane-Ullsheim som friluftslivsområde for ålmenta, er mellom anna kulturminnet Hynnelsbrua (M18) og Vilkjekloppa sikra som kulturminne. Dette har ført til at restaureringa av Hynnelsbrua har blitt utført i 2016, der 50 % av kostnadane er dekt av Miljødirektoratet og resterende 50 % er kommunale midlar.

Denne type sikring kan vere aktuelt for dei kulturminna som er knytt til område som har stor verdi for friluftslivet. Til dømes kan dette vere aktuelt for *friluftsområdet på Visnes* for dermed å ta vare på kulturminne M44 (Tyske skytestillingar frå andre verdskrig).

## **5.3. INNSATSOMRÅDE FORMIDLING**

### **BARK-PROSJEKTET**

BARK (Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne og kulturmiljø) blei igangsett i 2015. Regjeringa har som mål at 450 arkeologiske kulturminne skal vera sikra og tiljengeleggjort innan 2020. Kommunane kjem med tilråding om kandidatar.

Vår kandidat i prosjektet er kulturminneområdet i Bø, med Mitt kulturminne M1 Bautasteinen i Bø, saman med mange andre avdekte minne i området. I fyrste runde kan prosjektet innehalde ein plan for informasjonsskilting i området i samanheng med opparbeiding av ein tursti langs elvebredda ned til Petterneset.

### **KULTURMINNESØK**

Kulturminnesøk (Kulturminnesok.no) er ei teneste frå Riksantikvaren. Dette er ei opa nettside kor ein finn informasjon om over 170 000 kulturminne og kulturmiljø i Noreg: Freda bygningar og kulturmiljø, verdsarvstader, kyrkjer, arkeologiske kulturminne, kulturminne under vatn m.m. Nokre av desse, kring 5000, er lagt inn av brukarane sjølv.

Dei kulturminna som er spelt inn som Mitt Kulturminne, og som er eigna til presentasjon, bør leggast inn i Kulturminnesøk. Databasen bør også bli supplert med fotomateriale på kulturminne som er lagt inn tidlegare, slik at basen får auka brukarverdi lokalt.

### **STRYN HISTORIELAG**

Ved utarbeidning av kommunedelplan for kulturminne har Stryn historielag og kommunen drøfta korleis dette arbeidet kan formidlast. Historielaget ønskjer å nytte presentasjonar av intervjuer i årboka til historielaget. Ei anna moglegheit er ei utstilling av nokre av Mitt kulturminne. På sikt kan målet også vera eit bokprosjekt med tema «Mitt kulturminne».

## **5.4. INNSATSOMRÅDE VERDISKAPING**

Det er fleire døme på verdiskaping knytt til kulturminne i kommunen, både direkte og indirekte. Når cruisepassasjerane i Olden blir transportert opp til Eide og stoppar for at turistane skal få fotografere kvelvingsbrua og hjulhuset på Eide, er dette eit døme på at desse kulturminna er ein del av ei verdiskapingskjede.

### **VIKTIGTIDSFUNKNET PÅ HJELLE**

På Hjelleodden, bak Hjelle hotell, vart det i 2002 avdekt eit verdifullt kulturminne; eit vikingtids tunanlegg som viser korleis busetjinga på Hjelle var i denne tidsperioden. Bergen Museum har gjort utgravingane, dokumentert alle funn, og laga ein animasjon av bygningsstruktur og byggemåte. Alt dette materialet ligg «klart for bruk» i eit potensielt verdiskapingsprosjekt og/eller eit formidlingsprosjekt ved hotellet eller til dømes for Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.

## 5.5. TILTAK

### MITT KULTURMINNE

Hovudfokus i kulturminneplanen skal leggast til Mitt kulturminne. Tabellen under presenterer dei tiltak som planen prioriterer i planperioden fram til 2020.

Kva tiltak som er prioritert har samanheng med kva for eit kulturminne det gjeld, status i høve kulturminnelova og kommunplanen sin arealdel, verdivurderinga av kulturminna samt kartlagte forventningar i intervjuet i høve Mitt kulturminne.

Dei fleste tiltak går på vedlikehald for å oppretthalde kulturminnet sin verdi og status. Mange einskildpersonar og lag/foreiningar gjer allereie ein innsats, både i form av dugnad og kostnadar. Dette betyr at nedanståande liste ikkje er uttømmande. Mange vil at det offentlege bidreg i større grad enn kva som har vore gjort tidlegare.

Tabellen viser kva tiltaket går ut på, når tiltaket skal utførast, kva det vil koste, mogleg finansieringskjelde og kven som er ansvarleg for tiltaket. Kostnadsoverslag manglar for mange av tiltaka, og må utførast før den ansvarlege går inn i søknadsprosedyren. Tiltaka er sortert ut ifrå årstalet tiltaket er planlagd gjennomført.

Nr.	Namn	Tiltak	År	Kostnad	Finansiering	Ansvarleg
M5	Den Trondheimske Postveg	Merking og skogrydding	2017	40 000	Fylkeskomm. og kommune	Kommunen
M15	Gamlehuset på Vanberg	Vedlikehald	2017		Kulturminnefondet	Eigar
M18	Hynnelsbrua og Vilkjekloppa	Informasjon	2017	16 000	Kommunen	Kommunen
M20	«Kasta til Skåra» - kasting med laksenot	Formidling	2017	5000	Komm (2500,-) Grunneigarlag (2500,-)	Kommunen/Gr.eigar.lag
M22	Kvelvingsbru på Eide	Antikvarisk restaurering	2017	325 000	Kulturminnefondet	Bygdeutv. lag.
M30	Ledemurar i Fosdalen	Kvalitetssikre fagleg kunn-skap om kulturminnet	2017	5 000	Kommunen	Kommunen
M44	Solsteinen i Innvik	Flytting av steinen inn under tak	2017	5 000	Kommunen	Kommunen
M1	Bautasteinen i Bø	Iverksetjing av BARK, samkjøyd med andre arkeologiske minne i Bø	2018		KulturminneFondet og Fylkeskomm.	Kommunen
M45	Tyske skytestillingar på Visnes	Opprydding og reparasjon	2018		Riksantikvaren	Kommunen/velforening
M8	Erdalstunet	Skogrydding. Riving av falleferdige bygningar	2019	70 000	SMIL-midler	Grunneigarlag / kommunen

M50	Ysteriet i Bødal	Vedlikehald. Informasjon.	2019	200 000	Kommunen	Kommunen
M16	Gamletunet i Sunndalen	Felling av gran/rydding	2020	20 000	DNT/kommunen	Grunneigarlag/ kommunen
M45	Tyske skytestillingar på Visnes	Statleg sikring av Visnes friluftslivsområde	2020		Miljø- direktoratet	Kommunen
M2	Båtvaket i Lodalen	Sikring. Informasjon	2021		Kulturminne- fondet	Fylkeskomm. NVE?
M3	Dampsksipsnaustet på Eide i Olden	Vedlikehald	2021		Kulturminne- fondet	Bygdeutv. lag
M41	Singerheimen	Driftstilskot/ næringsutvikling	Årleg	300 000	Fylkeskomm. (250 000,-) kommunen (50 000,-)	Stiftinga

## ANDRE KULTURMINNE

Tiltak	Namn	År	Kostnad	Finansiering	Ansvarleg
Etablering av kommunalt kulturminnefond	Alle	2017	124 000	Eldre driftsfond + prosjektmidler	Kommunen
Kartfesting av omsynssone i oversiktsplass	Alle prioriterte i kulturminneplanen	2017 - 2021	Drift	Kommunen	Kommunen
Registrering av kulturminne i databasene Kulturminnesøk og Askeladden	Alle prioriterte i kulturminneplanen	2017 - 2021	Drift	Kommunen	Kommunen
Ny gjennomgang og vurdering/ prioritering	Særmerkte stolar	2018	Drift	Kommunen	Kommunen
Revisjon av kommunedelplan	Bygningsvernplan for Stryn kommune (SEFRÅK)	2018		Fylkeskommunen/ kommunen	Kommunen
Garden Li	Driftstilskot	Årleg	50 000	Kommunen	Stiftinga
Faleide skolemuseum	Driftstilskot	Årleg	46 000	Kommunen	Kommunen
Innvik Ullvarefabrikk	Driftstilskot	Årleg	50 000	Kommunen	Stiftinga

## **6. VERNADER AV PLANFRAMLEGGET**

### **6.1. MILJØMESSIGE**

Ved gjennomføring av dette arbeidet vil ein få eit betre grunnlag for forvaltning, formidling og bruk av lokale kulturminne. Arbeidet vil og vere med på å styrke det lokale engasjementet for kulturminne.

Med det temaet og den arbeidsmåten som er valt for kommunedelplanen, kan ein avdekke kulturminne eller kulturmiljø som ikkje er registrert frå før, på ein effektiv og økonomisk lite ressurskrevjande måte. Gjennom denne avdekkinga kan ein sikre at både kulturminnet og det nære miljøet inntil kulturminnet kan takast vare på for framtida.

### **6.2. BRUKMESSIGE**

Planen kan verte den utløysande faktoren for at kulturminne vert ein meir aktiv ressurs i reiselivssatsinga i kommunen. Eit godt døme er Statens vegvesen sine planar for tilrettelegging for oppleveling av kulturminnet Jøl bru på gamle Strynefjellsvegen. Skal den bruksmessige verdien av eit kulturminne verte styrka må ein både gjea fysisk tilrettelegging og framskaffe anvendbar informasjon.

For dei som har gjeve innspel til planen vil kommunedelplanen kunne føre til at lokalsamfunnet får augene opp for «Mitt kulturminne», og i større grad tek vare på det.

### **6.3. ØKONOMISKE**

For samfunnet vil kommunedelplan for kulturminne kunne føre til at ein nyttar meir økonomiske midlar til å ta vare på kulturminne. Fyrst og fremst kan det bevisstgjera kommunene til å støtte lag og foreiningar som til dagleg arbeider med kulturminne.

For ein kommune som Stryn, med ei stor reiselivsnæring, vil ein ha gode sjanser for store inntekter på informasjon og tilrettelegging av kulturminna våre.

For grunneigar kan eit eventuelt ønskje om å fjerne kulturminnet bli vanskelegare, men moglegheitane for å få midlar til vedlikehald vert større. For å få midler frå Norsk kulturminnefond vil det vere ein styrke at søknadsobjektet er med i kommunedelplan for kulturminne.

Framtidige tiltak som råkar ved kulturminna i planen kan utløyse krav om arkeologisk registrering.



Foto: Odd Rønningen.

*Kvelvingsbrua på Eide (M22) er ein turistattraksjon for cruisenæringa i Olden. I 2014 var bruva nær ved å bryte saman. Ein aksjon basert på frivillige og litt kommunale midler, berga bruva som ei mellombels løysing. Det vert søkt om midler frå kulturminnefondet til å bygge opp att ny straumbrytar på vestsida av elva.*

## **7. KJELDER**

- Arkeologiske granskninger av et vikingtids tunanlegg på Hjelle i Stryn. Rapport ved Asle Bruen Olsen, Universitetet i Bergen. Bergen Museum 2005.
- Askeladden og Kulturminnesøk, databaser over alle freda kulturminne og kulturmiljø.
- Den Trondhjemske Postvei. Fylkesprosjekt Sogn og Fjordane. Hovudplan for restaurering og forvaltning av postvegen.
- Kildegjennomgang. Middelalderske kirkesteder i Sogn og Fjordane. Riksantikvaren 2016.
- Kommunedelplan for bygningsvern 2000. Evaluering av bygningar før 1900. Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stryn kommune.
- Kommunedelplan for kultur 2013-2016. Stryn kommune.
- Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune v/Turid Helle og Morten Clemetsen. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Rapport nr 24.
- Kulturminner, kulturmiljø og landskap. Plan- og bygningsloven. Riksantikvaren 2010.
- Kulturminner i kommunen. Kulturminneplan. Riksantikvaren 2013.
- Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering. Riksantikvaren 2013.

## **8. VEDLEGG**

### **8.1. FULLSTENDIGE INTERVJU MITT KULTURMINNE**

### **8.2. PLANKART**

### **8.3. LISTE OVER ARKEOLOGISKE KULTURMINNE, KIRKESTED OG VEDTAKSFREDA BEBYGGELSE I KOMMUNEN**